

STATUS FOR BERGEN KOMMUNE SITT ARBEID MED BEREKRAFTSMÅLA

VOLUNTARY LOCAL REVIEW 2021




BERGEN
KOMMUNE

INNHALD

| | |
|---|----|
| Byrådsleiars forord _____ | 3 |
| Samandrag _____ | 5 |
| Innleiing _____ | 7 |
| Mål 5 Likestilling mellom kjønna _____ | 12 |
| Mål 6 Reint vatn og gode sanitærforhold _____ | 22 |
| Mål 7 Rein energi for alle _____ | 28 |
| Mål 9 Industri, innovasjon og infrastruktur _____ | 33 |
| Mål 10 Mindre ulikskap _____ | 40 |

Framsidedeilete: [Anh Lam/Unsplash](#)



Åra 2020 og 2021 var og er ikkje som andre år, verken for verda, bergensarane eller kommunen. Pandemien har prega tenestene til kommunen, samt kvardagen til dei tilsette og innbyggjarane. Knappt nokon del av kommunen eller oss i den har vore urørt av koronapandemien og dei tilhøyrande restriksjonane. Det er samstundes viktig for byrådet at vi nyttar sjansen til å bygga ein betre og meir berekraftig normal enn den vi forlèt 12. mars 2020.

Regionale og lokale myndigheiter har eit særskilt ansvar i oppfølginga av 2030-agendaen. Ifølge FN kan to tredjedelar av delmåla berre bli nådd gjennom lokal innsats.¹ I Noreg er kommunane nærmast befolkninga, bedriftene og organisasjonane. Kommunen er ansvarleg for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar bergensarane sine levekår og utviklingsmoglegheiter.

Berekraftsmåla heng tett saman, og oppfyljing av måla på eitt område er avhengig av oppfyljing av måla på andre område. Det betyr at vi ikkje kan løyse eitt og eitt berekraftsmål, men at måla må bli løyst parallelt gjennom heilskapleg arbeid. Denne rapporten viser status for heile kommunen sitt arbeid med berekraftsmåla.

Bergen bidreg til å nå berekraftsmåla, men det er ein del arbeid som står att i det handlingsrommet kommunen har. Rapporten viser at det er ein tydelig kopling mellom FN sine berekraftsmål, byrådsplattforma, kommuneplanen og andre tematiske planar. Vidare viser den dei grepa Bergen allereie har tatt for å følge opp berekraftsmåla. Eitt eksempel på dette er vassforvaltinga, der Bergen kommune nyleg fekk berekraftprisen frå den nasjonale interesseorganisasjonen for vassbransjen Norsk Vann.

Globale og lokale utfordringar krev felles løysningar og nye partnerskap mellom organisasjonar, myndigheiter, academia, privat sektor og sivilsamfunn. For at verda skal nå berekraftsmåla innan 2030, må alle delar av samfunnet bidra. I praksis betyr dette at ein som innbyggjar, politiskar, bedriftsleiar eller avgjerdstakar heile tida må spørja seg om dei aktivitetane, avgjerdene, prosjekta og produksjonane ein ønsker å setta i gang, bidreg til sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Alle dei tre dimensjonane er viktige.

Byrådet la vekt på alle dei tre dimensjonane då vi utarbeida byrådsplattforma som vi styrer etter. Byrådet sin ambisjon er at Bergen skal vera ein god, rettferdig og inkluderande by. Byrådet sitt mål er at Bergen skal vera den grønaste byen i Noreg. Sosial rettferd og økonomisk berekraft må vera grunnlaget for eit bysamfunn basert på fellesskap, gjensidig respekt og tillit. For byrådet er berekraftig utvikling eit førande premiss som ligg til grunn for alt arbeid som skal bli gjort, anten det gjeld økonomisk styring, klimamål eller eit godt tenestetilbod.

Roger Valhammer
byrådsleiar i Bergen kommune

¹ Getting Started with the SDGs in Cities. A guide for Stakeholders. Sustainable Development Solutions Network, 2016



Bergen er ein menneskerettsby. Menneskerettane står sentrale i alt Bergen kommune gjer som tenesteleverandør, arbeidsgjevar, politikkkutøvar og som demokratisk arena. Menneskerettane er vidare eit viktig element i korleis Bergen kommune prioritera arbeidet med berekraftsmåla.

Bergen kommune arbeider for ei berekraftig utvikling gjennom ein god balanse mellom økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn. Alle berekraftsmåla er viktige for Bergen, og kommunen arbeider for å realisere dei alle. Byrådet har i denne andre Local Voluntary Review-rapporten om status for Bergen kommunes arbeid med berekraftsmåla valt å gå i djupna på følgande fem berekraftsmål som til saman dekker alle dei tre dimensjonane

- likestilling mellom kjønna (mål 5)
- reint vatn og gode sanitærforhold (mål 6)
- rein energi til alle (mål 7)
- industri, innovasjon og infrastruktur (mål 9)
- mindre ulikskap (mål 10)

Rapporten synleggjer og diskuterer samanhengar på tvers av og mellom berekraftsmål. I tillegg viser den korleis dei utvalde berekraftsmåla er knytt til menneskerettane.

Rapporten viser ein klar samanheng mellom dei utvalde berekraftsmåla, byrådets politiske plattform, kommuneplanen og ulike temaplanar.

Vidare viser rapporten at Bergen allereie har tatt viktige steg i arbeidet med å bidra til å følge opp berekraftsmåla. Eit eksempel på dette er vassforvaltinga, der Bergen kommune fekk berekraftprisen frå Norsk Vann i 2021.

Rapporten indikera at Bergen er på veg til å nå måla, sjølv om mykje arbeid står att. I fortsettinga vil det vera avgjerande å styrka samarbeidet med næringslivet, sivilsamfunnet, andre offentlege aktørar og innbyggjarane. Lokalt samarbeid er nødvendig for å lykkast globalt.

Bergen kommune sine temaplanar, strategiar og handlingsplanar støttar dei globale måla, og kommunen er i gang med å levera på dei. Den årlege berekraftsrapporteringa er det første steget i ein lang prosess der målet er å bidra til alle berekraftsmåla til gode for verda, Bergen og bergensarane. Funn og kunnskap frå rapporten er til hjelp for å setta ut ein berekraftig kurs for framtida og betre nytte dei ressursane som er tilgjengeleg.



2030-agendaen er verdas handlingsplan for berekraftig utvikling. 2030-agendaen er konkretisert gjennom 17 berekraftsmål og 169 delmål, og handlar om å oppnå berekraftig utvikling langs tre dimensjonar: økonomisk, sosialt og miljømessig. Berekraftsmåla blei vedtatt på FN si generalforsamling i 2015, med tilslutning frå alle dei 193 medlemslanda. Noreg var pådrivar for å få måla vedtatt, og er forplikta til å arbeide for at verda når måla innan 2030.

Dette er den andre statusrapporten for kommunen sitt arbeid med berekraftsmåla som er utarbeida etter den internasjonalt anerkjente metodikken Voluntary Local Review (VLR). VLR er ein felles metodikk der byar måler sin innsats og framdrift for å nå utvalde berekraftsmål. Metodikken er inspirert av Voluntary National Review (VNR) der utvalde medlemsstatar i FN rapportera på korleis dei følger opp FN sine berekraftsmål under det årlege politiske høgnivåmøtet om berekraftig utvikling. Sommaren 2021 leverte [Noreg sin andre VNR](#) og denne inneheldt for første gong også ei kartlegging av kommunane sitt arbeid med å nå berekraftsmåla.

VLR-metodikken hjelper til med å overvake og evaluere framgangen med å implementere berekraftsmåla. I 2021 har fleire andre norske kommunar gjennomført sin første VLR og no når fleire kommunar rapportera på same form, er det det enklare å dele erfaringar på tvers, dele og lære av andre kommunar som ligg lengre framme på andre område. Uansett gir funn og kunnskap frå VLR-en hjelp i arbeidet med å nå berekraftsmåla og styre ressursane der dei gir mest mogleg nytte.

Bystyret tok den første rapporten «[Status for Bergen kommunes arbeid med berekraftsmålene](#)» til orientering i møte 17.11.2020 sak 342/20. Rapporten handla om å utrydda fattigdom (mål 1), god helse og livskvalitet (mål 3), anstendig arbeid og økonomisk vekst (mål 8), berekraftige byar og lokalsamfunn (mål 11), stoppa klimaendringane (mål 13) og livet i havet (mål 14).

Årets VLR fokusera på

- likestilling mellom kjønna (mål 5)
- reint vatn og gode sanitærforhold (mål 6)
- rein energi til alle (mål 7)
- industri, innovasjon og infrastruktur (mål 9)
- mindre ulikskap (mål 10)

Korleis er rapporten bygd opp?

Status for Bergen kommunes arbeid med kvart av dei fem måla blir gått gjennom i dei fem påfølgande kapitla i denne rapporten. Berekraftsmåla er mykje omtalt, men rommar meir enn det overskrifta på kvart mål tilseier. Derfor startar kvart kapittel med ei kort innleiing om det aktuelle berekraftsmålet. Sidan måla er globale har innleiinga i stor grad eit globalt perspektiv, før underkapitla går djupare inn i det som er relevant for Bergen og Bergen kommune.

Alle berekraftsmåla består av fleire delmål. Nokre delmål er relevante for Bergen og Bergen kommune, medan andre er meir relevante for nasjonale og internasjonale aktørar. Dei relevante delmåla blir synleggjort i denne delen. Delmåla som er angitt med bokstavar er delmål som handlar om kva midlar, det vil sei ressursar og kapasitet, som må bli mobilisert for å sikra implementeringa av 2030-agendaen.

Vidare er kvart kapittel bygd opp av dei følgande underkapitla:

Kopling til andre berekraftsmål og menneskerettane

2030-agendaen legg vekt på at dei enkelte berekraftsmåla er gjensidig avhengige av kvarandre. Dei heng tett saman, og oppfyljing av måla på eitt område er avhengig av oppfyljing av måla på andre område. Det betyr at det ikkje er mogleg å løyse eitt og eitt berekraftsmål, men at måla må bli løyst parallelt gjennom heilskapleg arbeid. Det er også slik at det kan vera konflikhtar som må bli løyst når ein arbeider for å nå dei ulike måla, eksempelvis mellom økonomisk vekst og klima- og miljøvern eller økonomisk vekst og økonomisk likskap.

Det at rapporten synleggjer og diskuterer samanhengar på tvers av, og mellom, berekraftsmåla er ei oppfølging av ein merknad til sak 249/19 «[Redegjørelse av byrådetts arbeid med FNs bærekraftsmål](#)» som blei behandla av Bergen bystyre i møte 25.09.2019.

Eit grunnpremiss bak 2030-agendaen er at ingen skal bli utelatne – på engelsk *leave no one behind*. Det betyr at den utviklinga som skjer i åra som kjem, ikkje skal gå utover enkeltpersonar, grupper eller land. Det betyr også at utviklinga spesielt skal komme dei mest sårbare og utelatne til gode.

Den danske instituttet for menneskerettar har dokumentert at meir enn 90 prosent av berekraftsagendaens mål og delmål er relatert direkte til internasjonale menneskerettar og arbeidslivsstandardar.² Berekraftsmåla og menneskerettane utfyller kvarandre, og moglegheitene for å realisere dei begge aukar når dei blir sett i samanheng.

Bergen er ein menneskerettsby og derfor er det spesielt viktig å kople og synleggjera samanhengen mellom berekraftsmåla og menneskerettane.



² The Human Rights Guide to the Sustainable Development Goals. Institut for menneskerettigheder. København, 2019.

Koplinger til sentrale styringsverktøy

Både byrårets plattform, kommuneplanen og tematiske planar er sentrale verktøy for politisk styring og viser kva planar som finst for framtidig utvikling i og av kommunen. Den førre rapporten har ein detaljert gjennomgang som viser at berekraft og berekraftsmåla er sentrale i kommunen sine viktigaste styringsdokument: byrådsplattforma og kommuneplanen. I saka «[Redegjørelse for byrådet arbeid med FNs bærekraftsmål](#)» er samanhengen mellom dei tematiske planane til kommunen og berekraftsmåla synleggjort.

Under følger litt overordna informasjon om byrådsplattforma, kommuneplanen og tematiske planar, medan målkapitla viser koplinga mellom det enkelte mål og desse tre viktige elementa i Bergen kommunes styringssystem.

Byrårets politikk og prioriteringar spring ut frå den politiske plattform «[Bergen – en god by for alle](#)». Det overordna målet er at Bergen skal vera den grønaste byen i Noreg, samt at sosial rettferd og økonomisk berekraft må vera grunnlaget for eit bysamfunn basert på fellesskap, gjensidig respekt og tillit.

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument, og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen, og vera grunnlag for tematiske planar og verksemda i kommunen. Kommuneplanens arealdel viser samanhengen mellom samfunnsdelen og plan for bruk og vern av areal i kommunen. Både kommuneplanens samfunns- og arealdel har eit perspektiv fram mot 2030. Dette er det same året dei 17 måla for berekraftig utvikling skal vera realisert innan.

Tematiske planar detaljerer korleis Bergen kommune ønsker at samfunnet, dei kommunale tenestene og kommunen sin organisasjon skal bli utvikla i åra framover. Ei fullstendig oversikt over gjeldande planar finst i [kommunen sin planoversikt](#), medan oversikta over kva planarbeid som er planlagt starta opp i denne bystyreperioden finst i [Bergen kommunes planstrategi](#).

Kva grep er gjort og korleis ligg Bergen an til å nå målet?

Det viktigaste for å nå berekraftsmåla er ikkje kva som er planlagt, men kva som er satt i gang eller gjennomført. Derfor går kvart enkelt kapittel gjennom eit utval grep som er tatt for å nærme seg det enkelte berekraftsmålet i bystyreperioden.

For å følge med på måloppnåing over tid har det globalt, nasjonal og regionalt blitt utarbeida fleire sett med indikatorar. Denne rapporten har nytta dei same indikatorane som [Statistisk sentralbyrå \(SSB\) har brukt på si faktaside om berekraft](#) når data har vore tilgjengelege på kommunalt nivå. SSB si faktaside har indikatorarar viser status for berekraftsmåla i Noreg og er etablert for samanlikning på globalt nivå. Dette indikatorsettet er ikkje perfekt, men sikrar samanliknbarheit til både globalt og nasjonalt nivå, samt til andre norske kommunar. For å sikra tilstrekkeleg innsikt i den kommunale verkelegheita er det likevel supplert med eit fåtal indikatorar som SSB ikkje har tatt med i si oversikt.

5

**LIKESTILLING
MELLOM KJØNNA**





MÅL 5 LIKESTILLING MELLOM KJØNNA

Oppnå likestilling og styrka stillinga for jenter og kvinner i samfunnet.

Verda er langt meir likestilt enn for få tiår sidan, men mykje arbeid står att og det er framleis store forskjellar internasjonalt når det gjeld status for likestilling. For eksempel startar no like mange jenter som gutar på skulen på verdsbasis, men det er ikkje like mange jenter som gutar som fullfører. I nokre land får ikkje jenter fortsette på skulen på grunn av mellom anna negativ sosial kontroll, barneekteskap og omsorgsoppgåver, medan det i Noreg er fleire jenter enn gutar som fullfører vidaregåande på normert tid.

Likestilling handlar om ei rettferdig fordeling av makt, innflytelse og ressursar. Det å leve eit fritt liv utan vald og diskriminering er ein grunnleggande menneskerett og er avgjerande for utvikling av menneska og samfunnet. Likestilling og kvinner sine rettar er eit gjennomgåande tema i berekraftsmåla, og det er heilt essensielt for å kunne nå alle FN sine berekraftsmål innan 2030.

For dette berekraftsmålet er det satt ni delmål:

5.1) Få slutt på alle former for diskriminering av jenter og kvinner i heile verda.

5.2) Avskaffa alle former for vald mot alle jenter og kvinner i både offentleg og privat sfære, inkludert menneskehandel, seksuell utnytting og andre former for utnytting.

5.3) Avskaffa all skadeleg praksis, som barneekteskap, tidlege ekteskap og tvangsekteskap, og kjønnslemlesting.

5.4) Anerkjenna og verdsetta ubetalt omsorgs- og hushaldsarbeid gjennom offentlege tenester, infrastruktur og sosialpolitikk, og fremma delt ansvar i hushaldet og familien, alt etter kva som passar i kvart enkelt land.

5.5) Sikra kvinner fullstendig og reell deltaking og like moglegheiter til leiande stillingar på alle nivå der det blir teke avgjerder, i det politiske, det økonomiske og det offentlege livet.

5.6) Sikra tilgang til god seksuell og reproduktiv helse og reproduktive rettar for alle, i samsvar med handlingsprogrammet frå den internasjonale konferansen om befolkning og utvikling, handlingsplanen frå Beijing og sluttdokumenta frå dei respektive tilsynskonferansane.

5.a) Sette i verk reformer for å gi kvinner lik rett til økonomiske ressursar, moglegheit til å eige og kontrollere jord og andre former for eigedom, og tilgang til finansielle tenester, arv og naturressursar, i samsvar med

nasjonal lovgjeving.

5.b) Styrka bruken av mogleggjerande teknologi, særleg informasjons- og kommunikasjonsteknologi, for å styrka stillinga for kvinner i samfunnet.

5.c) Vedta og styrka god politikk og vedta gjennomførleg lovgjeving for å fremma likestilling og styrka stillinga for jenter og kvinner på alle nivå i samfunnet.

Som nemnt i kapittelet over er nokre delmål relevante for kommunane, medan andre er meir relevante for nasjonale og internasjonale aktørar. Dei mest relevante delmåla er markert i kursiv over.

Kopling til andre berekraftsmål og menneskerettane

Eit førande premiss i «Verdsfråsegna om menneskerettane» er at alle har krav på rettar som nemnt i fråsegna utan forskjell av nokon art, som til dømes kjønn (paragraf 2). Likestilling mellom kjønna er ikkje berre ein menneskerett, men også heilt nødvendig for å oppnå ei fredfull, velståande og berekraftig verd. Dei andre berekraftsmåla kan berre bli nådde dersom kvinner sine behov får den same merksemda som menn sine behov.

Eksempelvis bidreg tilgangen til anstendig arbeid og inntekt for kvinner direkte til å utrydda fattigdom (mål 1). I tillegg bidreg det til god utdanning (mål 4), utrydda svolt (mål 2), samt god helse og livskvalitet (mål 3). Det å enda alle former for vald mot kvinner og jenter (delmål 5.2) er viktig for å oppnå målet i sin heilskap, men også nødvendig for å sikra god helse og fremma livskvalitet for alle, uansett alder (mål 3) og for å sikra fred og rettferd ved blant anna å arbeide mot menneskehandel (mål 16).

Kopling til sentrale styringsverktøy

Likestilling mellom kjønna (mål 5) står sentralt i fleire av kommunen sine styringsverktøy. I tillegg til eit generelt fokus på likestilling i bysamfunnet (delmål 5.1, 5.5 og 5.c) er særleg tre tema 1) likestilling på arbeidsplassen (delmål 5.1, 5.4 og 5.5), 2) avskaffa alle former for skadeleg praksis og vald mot kvinner og jenter (delmål 5.2 og 5.3) og 3) seksuell og reproduktiv helse (delmål 5.6) sentrale for Bergen kommune.

Byrådsplattforma trekker fram at byrådet ønsker at Bergen skal vera eit likestilt samfunn der menneske ikkje bli diskriminert eller trakassert på bakgrunn av kjønn, etnisitet, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk eller seksuell orientering. Sosiale og strukturelle hindringar blir sett på som noko som avgrensar menneske sitt grunnlag for deltaking, innflytelse og livskvalitet. Byrådet vil at Bergen skal vera ein kommune der alle kan vera seg sjølv og samtidig vera sikra likeverdige tenester og moglegheiter, og byrådet vil kjempa for reell likestilling.

Byrådet peikar i byrådsplattforma på at kvinner er spesielt utsette for strukturell diskriminering. Skeive maktforhold i samfunnet må bli retta opp gjennom ein aktiv politikk for meir likestilling.

Kommuneplanens samfunnsdel legg vekt på at Bergen skal tilby gode levekår for alle. Det er eit mål å utjamne levekårsforskjellar og gi alle like moglegheiter for deltaking og utvikling, uavhengig av alder, kjønn, funksjon, seksuell orientering, tru, sosiale eller kulturell bakgrunn og bustad.

Bergen har fleire planer som tek for seg desse temaa, men manglar ein overordna likestillingsplan for både eiga verksemd og byen generelt. Det vil derfor bli utarbeida ein temaplan ved namn «Plan for likestilling 2022–2026».

Likestilling på arbeidsplassen (delmål 5.1, 5.4 og 5.5)

Byrådsplattforma understrekar kommunen sitt særlege ansvar for å fremma likestilling, også på arbeidsplassen. Byrådet ønsker å styrka likestillinga ved tilsettingar ved å praktisera moderat kjønnskvoltering. Det skal sikrast god kjønnsrepresentasjon i fordeling av alle verv

og det skal bli praktisert reell likelønn i heile Bergen kommune. Byrådet ønsker også å styrka og vidareutvikla arbeidet med å utvikla ein heiltidskultur i Bergen kommune.

Kommuneplanens samfunnsdel omtalar ikkje likestilling på arbeidsplassen, men kommunen sine ambisjonar for saksfeltet er gitt i følgande planar og styrande dokument:

- «Et arbeidsliv i endring. HR-melding mot 2030» blei vedtatt av bystyret 23.10.2019. Meldinga skisserer retninga for kommunen som arbeidsgivar i åra framover og viser høge ambisjonar for likestilling, mangfald og inkludering.
- Byrådssak 1248/17 «Heltidskultur og håndtering av midlertidige bemanningsbehov» skildrar ambisjonane om å utvikla ein heiltidskultur i Bergen kommune. Som eit ledd i oppfølging av HR-meldinga og av bystyresak 226/21 «Representantforslag frå Marte Mjøs Persen (A) og Rune Bakervik(A) vedrørende Bergen kommune som heltidskommune» starta kommunen hausten 2021 arbeidet med ei ny sak til bystyret om dette temaet.
- I 2021 starta arbeidet med ein ny likestillingsplan for Bergen kommune som myndigheit og tenesteytar.
- Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er elles inkludert i resten av personalpolitikken og forankra blant anna i kommunen sitt personalreglement.

Avskaffa alle former for skadeleg praksis og vald mot kvinner og jenter (delmål 5.2 og 5.3)

Byrådsplattforma framhevar at vald mot kvinner, overgrep og seksuell trakassering er eit samfunns- og folkehelseproblem. Seksuell trakassering, og diskriminerande handlingar grunna kjønn og kjønnsuttrykk kan ikkje blir akseptert verken i arbeidslivet eller ved utdanningsinstitusjonar. Byrådet vil sikra gode rammevilkår for krisesenter, forbetre valdtekstmottaket og fortsette å gi støtte til Senter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO). Det blir også trekt fram at bergensskulen skal ha nullvisjon for seksuell trakassering, vald og diskriminering.

I FN sine berekraftsmål blir menneskehandel trekt fram som eit eksempel på vald saman med seksuell utnytting og andre former for utnytting. Byrådsplattforma viser at byrådet ønsker å nedkjempa menneskehandel.

I tillegg viser byrådsplattforma at jenter og kvinner i minoritetsmiljø må få ekstra beskyttelse når det gjelder undertrykking og risiko for sosial kontroll og tvangsekteskap.

Kommuneplanens samfunnsdel trekk fram at Bergen må tilby hjelp til dei som blir utsett for skader og vald, samt at det skal vera trygt å ferdast i kommunen til alle tider på døgnet.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i følgande planar:

- «Handlingsplan mot menneskehandel»
- «Trygg gjennom hele livet – plan mot vold i nære relasjonar 2019-2023»
- «Skyfritt – inkluderende oppvekstmiljø i Bergen»
- «Bergen og verden – internasjonal handlingsplan for Bergen kommune»

Seksuell og reprodutiv helse (delmål 5.6)

Byrådsplattforma trekk fram at byrådet vil sikra god seksualitetsundervisning, og seksualopplysning med auka fokus på grensesetting og førebygging av uønskte svangerskap. Byrådet ønsker også å innføra gratis hormonell prevensjon for dei under 16 år, og vurderer å utvida ordninga med gratis prevensjon til kvinner mellom 19 og 25 år som er folkeregistrert i Bergen kommune.

Kommuneplanens samfunnsdel har ingen referanse til tenester knytt til seksuell og reproduktiv helse, men legg vekt på bergensarar skal ha tilbodet om gode tenester i alle livets fasar.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i «Plan for seksuell helse, seksualopplysning og seksualitetsundervisning».

Kva grep er gjort og korleis ligg Bergen an til å nå målet?

For å bøte på manglande minnesmerke av historiske kvinner i Bergen by har Bergen kommune bestemt at det skal bli reist fem statuar, kunstverk eller monument av namngitte kvinner i løpet av dei neste ti åra. Det å synleggjera historiske, viktige kvinner vil vera viktig i eit historisk og samtidig perspektiv, og har også ein verdi for byen. Ved å heidra kvinner sin innsats der dei har utmerka seg, på felt som var tilgjengelege for dei i si samtid, vil historia blir gjort synleg frå kvinner sitt perspektiv. Det vil i tillegg bli kasta lys over og sett verdi på den delen av fortida som stort sett har blitt oversett.

Kommunen arbeider også for å hindra diskriminering gjennom anskaffingar. Bergen kommune har ein betydeleg marknadsposisjon gjennom offentlege anskaffingar og stiller krav om ikkje-diskriminering i kontraktane, saman med andre krav til ei ansvarleg forretningspraksis. Kommunen sine leverandørar har ei forplikting til å gjennomføra aktsemdvurderingar for å hindra blant anna diskriminering (også på bakgrunn av kjønn).

I februar 2021 starta byrådet opp arbeidet med «Plan for likestilling 2022-2026». Planen skal fokusera på kjønnslikestilling og tek særleg eit kvinnepolitisk perspektiv. Målet vil vera å retta opp i skeivheit og gi kvinner og menn like moglegheiter.

Indikator, delmål 5.1

Delmål 5.1 handlar om å få slutt på alle former for diskriminering av jenter og kvinner i heile verda. Indikatoren som er knytt til dette delmålet handlar om rettslege rammer for å fremma, gjennomføra og overvake likestilling og ikkje-diskriminering på grunnlag av kjønn. I Noreg har ein dette gjennom:

- [Likestillings- og diskrimineringsloven](#)
- [Diskrimineringsombudsloven](#)
- [Grunnloven](#)

Kjelde: [SSB, Fakta om bærekraftsmålene](#)

Indikator, delmål 5.c

Delmål 5.c handlar om å vedta og styrka god politikk og vedta gjennomførleg lovgjeving for å fremma likestilling og styrka stillinga for jenter og kvinner på alle nivå i samfunnet. Indikatoren som er knytt til dette delmålet etterspør system for å registrere og offentleggjera bevillingar som fremmar likestilling og styrker kvinner si stilling. Dette har ein ikkje i Noreg.

Som vist i delen «Kopling til sentrale styringsverktøy» så har Bergen kommune ein aktiv likestillingspolitikk, i tillegg til at det blir arbeida med ein likestillingsplan.

Kjelde: [SSB, Fakta om bærekraftsmålene](#)

Likestilling på arbeidsplassen (delmål 5.1, 5.4 og 5.5.)

I Bergen kommune er det ein høg kvinnedominans i helse- og omsorgssektoren og i barnehage- og skulesektoren. Kvinneandelen er også større i ufaglærde, faglærde og høgskuleutdanna arbeidsgrupper enn den er blant tilsette med ei høgare akademisk


utdanning og i leiarstillingar. Menn er tradisjonelt i fleirtal på tekniske tenesteområde. Det er eit ønske om ein jamnare kjønnsbalanse, og då spesielt innan dei kvinnedominerte sektorane. Det er også eit mål at kommunen skal ha eit aktivt søkelys på kjønnsfordelinga i både leiande og tenesteytande stillingar.

Byrådsavdelingane melder at kjønna har vore likestilt når det kjem til eksempelvis kompetanseutvikling, utviklingsmoglegheiter, arbeidstid, permisjonsuttak og beskyttelse mot trakassering og mobbing. Fleire byrådsavdelingar har likestilling langt framme på sin agenda når dei tilset nye medarbeidarar og melder at dette er eit viktig element i deira rekrutteringsarbeid. Bergen kommune deltek også i det nasjonale prosjektet «Menn i helse» for å rekruttere fleire menn til helse- og omsorgssektoren. Opplæringa er tilrettelagt vaksne deltakarar i aldersgruppa 25–55 år som mottek ytingar frå NAV. Bergen kommune har valt å setta av fem plassar til kvinner i dette prosjektet. Prosjektet sørger for at det er mogleg å vera sjølvforsørga gjennom kvalifiseringsperioden og at ein ved fullført periode har erverva seg eit fagbrev. Likestillingseffekten av denne typen tiltak er også ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad, meir heiltid gjennom faste stillingar og mindre lønnsforskjellar gjennom at fleire får fagbrev og er med å heva lønnsnivået i eit tradisjonelt kvinneyrke som historisk sett har vore låglønna.

I stillingar utan særleg krav til utdanning, blir all tidlegare og privat teneste rekna inn i lønnsansienniteten. Dette omfattar også arbeid i heimen og omsorgsarbeid. Dette bidreg til å løfta lønna for kvinner i kommunen då størstedelen av dei som arbeider i ufaglærde stillingar er kvinner og ein går trinnvis opp i lønn med stigande ansiennitet. Etter vedtak i Bergen bystyre i sak 2/19 «Interpellasjon nr. 2 fra Oddny Irene Miljeteig (SV) og Mikkel Grüner (SV) vedrørende gjennomgang av lønnsinnplassering og ansiennitetsberegning i kommunen. Bergen bystyre 30.01.2019»³, har kommunen hatt ein gjennomgang av rutinar for ansiennitetsberegning og lønsplassering.

Indikator, delmål 5.5

I dag er 46 prosent av bystyrerepresentantane kvinner. Dette er 9 prosentpoeng høgare enn i 1999. Tabellen under viser utviklinga over tid.



Figur 1: Tal bystyrerepresentantar etter kjønn. Kjelde: [SSB tabell 01182](#).

Kjelde: [SSB, Fakta om bærekraftsmålene](#)

Koronapandemien og dei komplikasjonane det har medført har gjort at lønnsforhandlingane i

2020 vart gjennomført med svært låg ramme og med like tillegg. Dette medførte dermed ikkje ei endring i likelønnsprofilen. I 2021 var det gjennomført eit ordinært forhandlingsløp både sentralt og lokalt. Bergen kommune har som ein del av lønnspolitikken at likelønn skal vera eit kriterium i forhandlingar. Alle forhandlingsdelegasjonane i lokale forhandlingar skal sikra at endelege tilbod skal ivareta likelønn. Det er ivaretatt også i 2021.

Informasjon er viktig for å få oversikt over likestillingstilstand og utfordringar i eiga verksemd. Det er derfor tatt i bruk kjønnsdelte styringsdata på HR-området i styringskortet til einingsleiarane for å gi byrådsavdelingane og resultatiningane meir innsikt i desse problemstillingane. Det gir også betre moglegheit for bruk av HR-data i planlegging og rapportering. Temaet likestilling er også ein sentral del av kommunen si årsmelding. Dette gir både innbyggjarar og politikarar moglegheit til å setta seg inn i status og utfordringar innanfor likestillingsfeltet.

Indikator, delmål 5.5

Kvinnedelen i den politiske toppleinga er 44 prosent. Totalt i den øvste administrative leinga er kvinnedelen 35 prosent og blant kommunaldirektørane 29 prosent. Samla sett er dette ein nedgang frå tidlegare år.

| | Kvinner | Menn |
|-------------------------------|---------|------|
| Politiske toppleiarar | | |
| Ordførar | 1 | |
| Varaordførar | | 1 |
| Byrådet | 3 | 4 |
| Administrative toppleiarar | | |
| Kommunaldirektørar | 2 | 5 |
| Direktør for Bergen vann KF | | 1 |
| Direktør for bystyrets kontor | | 1 |

I bykassen, blant resultateningeiarane og seksjonsleiarane er kvinneandelen 73,5 prosent, tilnærma lik 2019. På nivået under, mellomleiarar/avdelingsleiarar, er kvinneandelen stabil på 71,6 prosent.

Kjelde: [Bergen kommunes årsmelding, 2020](#) (tal per 31.12.2020)

Sidan det først og fremst er kvinner som arbeider deltid, vil auken av tilsette i heiltidsstilling vera med på å auke kvinner si yrkesdeltaking. Bruk av deltid blir i tråd med hovudtariffavtalen drøfta årleg med arbeidstakarorganisasjonane og det er utarbeida retningslinjer for å auke tal heiltidstilsette. Kommunen gjennomfører også ei kartlegging av ufrivillig deltid blant sine tilsette i tråd med aktivitetsplikten i likestillings- og diskrimineringslovens § 26. Arbeidet for å auke del heiltidstilsette blir satt på dagsordenen i ulike samanhengar. Som eit ledd i oppfølginga av HR-meldinga og av bystyresak 226/21 «Representantforslag frå Marte Mjøs Persen (A) og Rune Bakervik (A) om Bergen kommune som heiltidskommune» starta kommunen hausten 2021 arbeidet med ei sak til bystyret om kva som er gjort for å bli ein heiltidskommune.

Likestilling på arbeidsplassen handlar ikkje berre om lønn og kjønnsfordeling. Likestillings- og diskrimineringsloven stiller krav om at alle arbeidsgjevarar skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering innanfor si verksemd. Desse pliktene er forsterka og hovedarbeidsmiljøutvalet gjorde derfor i sak 11/21 vedtak om at byrådsavdelingane sine arbeidsmiljøutval får ansvar for å gjennomføra aktivitetar som skildra i aktivitetsplikten i likestillings- og diskrimineringslovens § 26. Til no har det vore arrangert eit seminar for kommunen sitt arbeidsmiljøutval om korleis dette arbeidet skal bli følgt opp. Samtidig blir BkKvalitet ein database for rettleiingar og støttemateriell.

Avskaffa alle former for skadeleg praksis og vald mot kvinner og jenter (delmål 5.2 og 5.3)

I Bergen kommune er ikkje nødvendigvis tiltak mot skadeleg praksis og vald retta berre mot skadeleg praksis og vald som rammer kvinner og jenter. Det er likevel relevant å trekke fram nokre eksempel på korleis kommunen har arbeida for å avskaffa alle former for skadeleg praksis og vald sidan dei også treff skadeleg praksis og vald som rammer kvinner og jenter.

Menneskehandel er ei global utfordring. Kommunen skal tenke globalt og handle lokalt. På den globale arenaen kan kommunen nytte både innflytelse og kontaktar til å påverke strukturelle endringar og oppretta tettare band mellom byar og land som er i ulike endar av menneskehandelen. For å handtera utfordringar knytt til menneskehandel og utnytting av kvinner lokalt har politiet og kommunen ved Utekontakten tatt initiativ til eit tverretatleg operativt team (TOT), i tett samarbeid med andre relevante instansar. Om offeret er mindreårig, møter faste kontaktpersonar frå kommunalt og statleg barnevern. Om offeret er over 18 år, møter faste kontaktpersonar frå sosialtenesta i NAV. Avhengig av alderen på offeret er også Bufetat Region vest, UDI, Krisesenteret og offeret sine bistandsadvokatar samarbeidspartnarar for dei kommunale tenestene som handterer tenestene. I Bergen har ein gjennom TOT-samarbeidet lykkast med å gi identifiserte ofre for menneskehandel effektiv og koordinert bistand og støtte. Samarbeidsmodellen blir evaluert som utelukkande positiv, og er også anerkjent nasjonalt og internasjonalt for å ha gitt mange domfellingar og god ivaretaking av offera. Aktørane har mengdetreninga som krevst for å handtera kompleksiteten i sakene, og har fått bygd opp kompetansen om menneskehandel over tid.

Indikator, delmål 5.2

SSB har i sitt indikatorsett ikkje forslag til indikator for dette delmålet.

Bergen kommune held på å utvikla «Handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vold 2022–2026». Handlingsplanen vil ta for seg negativ sosial kontroll og æresrelatert vald i alle delar av befolkninga, og i alle aldrar, med særleg søkelys på barn og unge i minoritetsfamiliar og i lukka trus- og livssynssamfunn.

Helsedirektoratet anbefaler at helsepersonell spør gravide om vald, både noverande og tidlegare erfaringar. I 2020 blei 96 prosent av gravide som blir følgt opp i helsestasjonens svangerskapsomsorg kartlagt for valdserfaringar.

Krisesenteret for Bergen og omegn gir hjelp til personar som er utsett for vald og trugslar om vald i nære relasjonar, og som har behov for rådgiving eller eit trygt midlertidig tilbod om bustad. Utover økonomisk støtte til krisesentera, har sosialtenesta valt å intensivera kontakten med sårbare individ og familiar. I tillegg har sosialtenesta ført vidare og forsterka samarbeidet med politiet som ei støtte til politiet sin metodiske innsats for å avdekke vald i nære relasjonar. Krisesentera har auka sitt nærvær på sosiale medium med informasjon om sitt tilbod.

Bergen legevakt driftar Valdtekstmottaket på vegne av Helse Bergen. Valdtekstmottaket tek imot og gir bistand til personar som er utsett for seksuelle overgrep. Tilbodet gjeld både menn og kvinner og er uavhengig av om saka blir meldt til politiet eller ikkje.

Det å førebygga skadeleg praksis og vald er også viktig. I Utekontakten er det mellom anna oppretta tiltak for unge med utfordringar knytt til sinne og vald som går utover andre.

Bergen kommune har etablert eit godt samarbeid med ulike trussamfunn og frivillige organisasjonar som når fram til personar med bakgrunn frå land der ulike former for negativ kontroll, tvangsekteskap og kjønnelemlesting skjer. Det vesentlege for å lykkast med dette

arbeidet er at interessa og engasjementet for å drive med førebyggjande arbeid kjem frå dei miljøa det gjeld. Slik er det i stor grad i Bergen, og det er noko som blir spegla i fordelinga av tilskotsmidlar for førebygging innanfor feltet.

Indikator, delmål 5.3

Det finst ikkje grunnlag for å sei kor mange som blir utsett for kjønnslemlestelse i Noreg, men det finst jenter og kvinner som bur i Noreg som har opplevd å bli kjønnslemlesta.

Kjelde: [Plan mot vold i nære relasjonar](#)

I 2021 gav kommunen også eit bidrag til TV-aksjonen som gjekk til Plan og arbeidet dei gjer mot barneekteskap.

Indikator, delmål 5.3

Ein indikator knytt til delmål 5.3, som handlar om å stoppa tvangsekteskap og omskjering, er tal kvinner mellom 20 og 24 år som var gift før dei fylte 18 år. Her finst det ikkje tilgjengelege tal for Bergen eller Vestland, men i 2020 inkluderte denne gruppa 21 kvinner på landsbasis. Dette var ein nedgang på 54,3 prosent samanlikna med fem år før.

Kjelde: <https://www.ssb.no/sdg>

Bergen kommune har også styrka innsatsen for å førebygga, avdekka og handtera mobbing i barnehage, skule og på fritidsfeltet, inkludert seksualisert mobbing. Målsettinga er å redusera mobbing og krenkingar, og sikra at ingen barn og unge blir utsett for mobbing eller krenkande ord og handlingar, verken frå andre barn og unge eller vaksne. Som eit ledd i dette arbeidet er Team Skyfritt oppretta. Dette er eit rettleiings- og innsatsteam som skal arbeide for ein trygg og god oppvekst for barn og unge i Bergen kommune, og som skal hjelpe barnehagar og skular i saker der eitt eller fleire barn blir plaga, krenka eller mobba. Team Skyfritt bidreg med hjelp og rettleiing, og arbeidar samtidig førebyggjande ved å vera eit støtteteam for barnehagar og skular i arbeidet med ein inkluderande barnehage og skule.

Eit godt, trygt og inkluderande arbeidsmiljø er vesentleg for arbeidet med likestilling og mangfald. Utdringar knytt til vald og trugslar mot tilsette i kommune har vore eit viktig tema dei siste åra. Det er lagt ned mykje arbeid i eit opplegg for å førebygga og handtera vald og trugslar. Styrande dokument er systematisert i kommunen sitt kvalitetssystem BkKvalitet. Arbeidet bygger på prinsippa førebygga, handtera og følgja opp.

Seksuell og reproduktiv helse (delmål 5.6)

Barnehagen er ein viktig arena for å sikra kunnskap og nødvendig kompetanse om kropp og seksualitet. Slik kan barnehagane styrka barna sitt omgrepsapparat og danne grunnlag for positive haldningar knytt til sjølvfølelse, identitet, eigenverd, kropp, følelsar og grenser. Vidare blir det skapt openheit og respekt for mangfald og variasjonar i familieformer og kjønnsuttrykk, noko som kan bidra til å førebygga fordommar og diskriminering. Barnehagane i Bergen kommune arbeider aktivt med temaet barn si seksuelle helse der tema er kropp, kjærleik, følelsar og seksualitet.

I Bergen kommune har det vore ulik praksis i kor stor grad skulane underviser i tema som omhandlar seksualitet, seksuell og reproduktiv helse. Det har mangla ei heilskapleg danningstilnærming der både helse, kriminalitet, kjønn- og mangfaldsperspektivet har vore inkludert. Med ambisjon om å styrke dette feltet la byrådet fram «Plan for seksuell helse, seksualitetsundervisning og seksualopplysning». Målsettinga er at alle skular i Bergen kommune skal bruka seksualitetsundervisningsmaterialet Uke 6 i seksualitetsundervisninga. Uke 6 er utarbeida av organisasjonen Sex og politikk og er eit gratis

seksualitetsundervisningsmaterial for grunnskulen. Skulane melder tilbake at dette er eit godt undervisningsopplegg som også oppfyller kompetansemåla i ny læreplan.

I tillegg blir det gjennomført individuelle helsesamtalar for elevar på 8. trinn der pubertet og seksuell helse er eitt av tema. Ungdom og studentar er også velkomne på helsestasjon for ungdom. Helsestasjon for ungdom har til dels fått litt utvida opningstider og auka tverrfagleg kompetanse knytt til seksualhelse. Dette har gitt betre og raskare tilgang for ungdom og studentar opp til 23 år – og tilsvarande på Engen som har 25-årsaldersgrense.

Indikator, delmål 5.6

Delmål 5.6 handlar om å sikra allmenn tilgang til seksuell og reproduktiv helse samt reproduktive rettar. I Noreg har ein sikra at kvinner og menn 15 år og eldre har full og likeverdig tilgang til tenester, informasjon og opplæring knytt til seksuell og reproduktiv helse gjennom:

- [Spesialisthelsetjenesteloven](#)
- [Helse- og omsorgstjenesteloven](#)
- [Pasient- og brukerrettighetsloven](#)
- [Apotekforskriften](#)
- [Forskrift om helsestasjons- og skolehelsetjenesten](#)
- [Folkehelseloven](#)
- [Helsetilsynsloven](#)
- [Opplæringsloven](#)
- [Læreplanverket](#)

I tillegg har ein i Bergen kommune ein eigen [Plan for seksuell helse, seksualitetsundervisning og seksualopplysning](#).

Kjelde: [SSB, Fakta om bærekraftsmålene](#) og [Bergen kommunes planoversikt](#)

6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD





MÅL 6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD

Sikra berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle.

Reint vatn er kanskje den viktigaste føresetnaden for god helse. I Noreg er det nærmast ei sjølvfølge, men det er framleis 1 av 3 som er utan tilgang til trygge drikkevasskjelder globalt. Enda fleire manglar toalett og ordentlege sanitære forhold. Ikkje berre er det nedverdige og ubehageleg å ikkje ha moglegheit til å gå på do, med det er også stor sjanse for spreing av farlege sjukdomar som kan ta livet av mange menneske.

Det finst nok ferskvatn i verda, men økonomi og manglande infrastruktur står i vegen for alle skal få tilgang. I tillegg fører befolkningsvekst og klimaendringar til at vassmangelen aukar fleire stader. Derfor er det viktig å beskytte dei drikkevasskjeldene som finst, og investera i nye vass- og sanitæranlegg i regionar der desse manglar.

Ifølge FN har 100 prosent av nordmenn tilgang til reint vatn. Målet kan synest å vera mynta på utviklingsland, men ein skal ikkje lenger tilbake enn til Giardia-utbrotet i Bergen i 2004 eller bakterieutbrotet i vasskjelda på Askøy i 2019 for å gjera det aktuelt også for bergensregionen.

For dette berekraftsmålet er det satt åtte delmål:

6.1) Innan 2030 sørga for likeverdig tilgang til trygt drikkevatt til ein overkomeleg pris for alle.

6.2) Innan 2030 sørga for tilgang til tilstrekkelege og likeverdige sanitær-, hygiene- og toalettforhold for alle, med særleg vekt på behova til jenter og kvinner og personar i utsette situasjonar.

6.3) Innan 2030 sørga for betre vasskvalitet ved å redusera forureining, avskaffa avfallsdumping og mest mogleg avgrense utslepp av farlege kjemikaliar og materiale, halvere prosenten ubehandla spillvatn og i vesentleg grad auke gjenvinning og trygg ombruk på verdsbasis.

6.4) Innan 2030 vesentleg betre utnyttinga av vatn i alle sektorar og sikra berekraftig uttak av og tilgang til ferskvatt for å bøte på vassmangel og i vesentleg grad redusera talet på personar som blir ramma av vassmangel.

6.5) Innan 2030 innføra integrert forvaltning av vassressursar på alle nivå, mellom anna gjennom samarbeid over landegrensene der det er aktuelt.

6.6) Innan 2020 verna og bygga opp att vassrelaterte økosystem, inkludert fjell, skogar, våtmarker, elvar, vassførande bergartar og innsjøar.

6.a) Innan 2030 utvida det internasjonale samarbeidet og støtta til å bygga opp kapasitet i utviklingsland innanfor verksemd og program som er knytte til vass- og sanitærforhold, mellom anna teknologi for vassoppsamling, avsalting, effektiv bruk av vassressursar, behandling av avløpsvatn, gjenvinning og ombruk.

6.b) Støtta og styrka medverknad frå lokalsamfunn for å betre forvaltninga av vass- og sanitærforhold.

Nokre delmål er relevante for kommunane, medan andre er meir relevante for nasjonale og internasjonale aktørar. Dei mest relevante delmåla er markert i kursiv over.

Kopling til andre berekraftsmål og menneskerettane

I 2010 vedtok FN sitt råd for menneskerettar at tilgang til vatn og sanitær er ein menneskerett under «FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar». Ifølge Kirkens nødhjelp mangla 1 av 3 menneske i verda tilgang til trygt drikkevatt. Pandemien har synleggjort kor viktig reint vatn er både som livsviktig kjelde for drikkevatt og for å oppretthalde god hygiene.

Reint vatn og gode sanitærforhold er i størst grad kopla til god helse og livskvalitet (mål 3), og da særleg delmål 3.9 om å redusera dødsfall og sjukdom knytt til mellom anna forureina vatn. Berekraftsmål 9 er relevant med tanke på behov for robust infrastruktur, og eit kontinuerleg arbeid med innovasjon. Eksempelvis er ein del av grunnlaget for at Bergen fekk Norsk Vanns berekraftspris i 2021 satsinga på innovasjon og digitalisering. Ny bruk av data (inkludert sensordata) og gjenbruk av data som grunnlag for forbetra styringsdata og avgjerdsgrunnlag kan føra til meir berekraftige tenester. Mål 13 om å stoppa klimaendringar og berekraftsmål 14 om livet i havet er også viktig for vassforvaltninga.

Kopling til sentrale styringsverktøy

Det er tre tema som er spesielt sentrale for kommunen når det gjeld reint vatn og gode sanitærforhold. Dette er 1) trygt vatn og berekraftig utnytting (delmål 6.1, 6.3 og 6.4), 2) tilstrekkelege og tilfredsstillande sanitærforhold (delmål 6.2) og 3) heilskapleg forvaltning av vassressursar (delmål 6.5, 6.6 og 6.b).

Trygt vatn og berekraftig utnytting (delmål 6.1, 6.3 og 6.4)

Byrådsplattforma ser reint vatn som ein del av kommunen sitt arbeid med menneskerettar, og løftar fram retten til rein byluft, reint vatn og tilgang til natur og friluft.

I kommuneplanens samfunnsdel er det lagt vekt på at alle skal vera sikra luft og vatn av god kvalitet. Reint vatn er viktig for folkehelsa.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i følgjande planar:

- «Hovedplan for avløp og vannmiljø 2019-2028»
- «Forvaltningsplan for vassdragene i Bergen»
- «Melding om eierskap i kommunens selskaper og foretak»
- «Hovedplan for vannforsyning 2019-2028»

Tilstrekkelege og tilfredsstillande sanitærforhold (delmål 6.2)

Byrådsplattforma viser at byrådet vil legge til rette for fleire offentlege toalett i både sentrum og bydelane.

Kommuneplanens samfunnsdel har ingen delar som handlar spesifikt om sanitærforhold, men er tydeleg på at Bergen skal tilby gode levekår for alle.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i «Hovedplan for avløp og vannmiljø 2019-2028»

Heilskapleg forvaltning av vassressursar (delmål 6.5, 6.6 og 6.b)

Byrådsplattforma viser at byrådet meiner det er viktig å behalda demokratisk kontroll over viktige samfunnsressursar og funksjoner gjennom offentlig eigarskap. Det er særleg viktig å

behalde eigarskap i samfunnsviktig infrastruktur som for eksempel straum, vatn, avløp og bosshandtering. Byrådet ønsker også å halde fram med oppgraderinga av vass- og avløpsnett, samt hindra forureining av og forsøpling i vassdrag og havet.

Kommuneplanens samfunnsdel viser at Bergen skal ha eit framtidretta vass- og avløpssystem som tek omsyn til befolkningsauke og endringar i klimatiske forhold ved utbygging og oppgradering. Kommuneplanens samfunnsdel løftar også fram vatn, bekkar og elvar som positive for rekreasjonsområda i kvardagen.

Dei blågrøne strukturane er ein del av satsinga på den særprega byen i kommuneplanens samfunnsdel. Samanhengande blågrøne strukturar skal prega nye og fornya byggeområde. Dei blågrøne strukturane skal sikra befolkninga i byen eit variert friluftsliv, styrka det biologiske mangfaldet, og vera naturlege vassveggar og reservoara for vatn under ekstremvær.

Vassforvaltninga i Bergen kommune blir utvikla i ein kontekst av lovar, forskrifter, planar og forventningar frå regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. EU sitt vassdirektiv gir føringar for ei heilskapleg vassforvaltning i Europa. Hovudformålet er å sikra vern og berekraftig bruk av vassmiljøet, og om naudsynt sette inn tiltak. Vassforskrifta blei vedtatt i 2006 og er norsk gjennomføring av vassdirektivet. Eit viktig mål med oppfølging av vassforskrifta er etablering av regionale planar for vassforvaltning. Fylkeskommunane held i dette arbeidet.

Sektorstyresmakter og kommunar har ei sentral rolle i å bidra til kunnskap om påverknad, vurdera måloppnåing, samt føreslå og følge opp miljøtiltak.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i følgjande planar:

- «Hovedplan for avløp og vannmiljø 2019-2028»
- «Kommunedelplan for overvannshåndtering»

Kva grep er gjort og korleis ligg Bergen an til å nå målet?

Norsk Vann tildelte berekraftsprisen for 2021 til vatn- og avløpsverksemda i Bergen kommune. For å gjera seg verdige prisen, må mottakarar av prisen fylle ei rekke kriterier. Bergen fekk prisen blant anna for handtering av overvatn. I Bergen er det å ta vare på og bruka vatn og grøn natur, såkalla blågrøne løysingar, førstevalget når kommunen skal finne trygge, klima- og miljøvennlege måtar å handtera overvatn på. Berekraft i vatn og avløp handlar også om energi, ressursbruk og klimagassutslepp. Sidan 2018 har Bergen kommune brukt eit sjølvutvikla verktøy for å berekne utsleppa. Verktøyet har ei detaljgrad som er leiande både i Noreg og internasjonalt, og det gir grunnlaget for å lage tiltak.

Klimagassfotavtrykket for vatn og avløp i Bergen er redusert med ein tredjedel sidan 2018, mellom anna grunna utskifting av kjemikalier og filtermaterial. Når røyr skal bli fornya sparar Bergen kommune energi ved den gravefrie metoden «NoDig». I energisparing svarar det til at heile kommunen sin bilpark går frå fossilt drivstoff til elektrisitet. Berekraft handlar om å ta vare på det leidningsnett som allereie eksisterer, og Bergen har god progresjon i fornying av leidningsnett. Takta på fornying auka i 2020 samanlikna med tidlegare år, og Bergen har ei tung satsing på å redusera lekkasjar.

Bergen kommune arbeider gjennom anskaffingar med å sikra minst mogleg utslepp til miljøet generelt og til vatn spesielt. Dette blir gjort blant anna gjennom strenge kjemikaliekraft til kunstgrasbaner og plastdekke på leikeplassar og strenge miljøkrav til vaskeria våre. Målet er minst mogleg skadelege utslepp i miljøet.

Trygt vatn og berekraftig utnytting (delmål 6.1, 6.3 og 6.4)

Bergen kommune har fem store og eit lite anlegg for handtering av vatn. Anlegga forsyner 97 prosent av innbyggjarane i Bergen med drikkevatt, og alle abonnentar har tilgang til drikkevatt av god kvalitet og kommunen har god tilgang til vatn.

Giardia-utbrotet i 2004 viste tydinga av trygt og godt drikkevatt, og konsekvensane i motsett tilfelle. Sidan har anlegga blitt betydeleg oppgradert, og det er framleis arbeid for å styrka dei hygieniske barrierane ved nokre anlegg. Felles for dei alle er at dei desinfiserer vatnet slik at eventuelle lokale smittekjelder blir fjerna. Det å fjerna forureininga ved kjelda er kostnadseffektivt, hindrar forureining til lokale område dersom det oppstår ein overløpssituasjon og sikrar «forureinar betaler»-prinsippet.

Vatn er byen sin viktigaste ressurs og næringsmiddel. Anlegga for behandling av vatn i Bergen nyttar overflatevatn som vasskjelde, og det er avgjerande å trygge desse kjeldene for drikkevatt. Kvaliteten blir kontinuerleg overvaka. Krav til tryggleik aukar og klimaendringar representerer nye utfordringar for infrastruktur og tryggleik.

Bergen har rikeleg med vatn, og kvaliteten er også relativ god. Med rikeleg tilgang på vatn og lite behandling hadde det ikkje så stor betydning at bortimot halvparten av vatnet lakk ut av røyra. Med utbygginga av avanserte behandlingsanlegg har produksjonskostnadene for vassforsyninga auka. Samtidig auka vassbehovet sidan Bergen er inne i ein periode med stor befolkningsvekst. Det er derfor ikkje lenger akseptabelt at ein stor del av vatnet som blir produsert lekk ut på veg fram til forbrukar. Lekkasjekontroll og eit tettare leidningsnett er viktig med tanke på hygienisk tryggleik gjennom redusert risiko for innsug av forureina vatn. Den moderne byen fokusera på at vatn ikkje skal vera på avvege, og kvart år har kommunen som mål å fornye i underkant av 20 km av leidningsnettet. I tillegg reingjer kommunen leidningsnettet jamleg for å sikra best mogleg kvalitet på drikkevattnet.

Klimaendringane er venta å gi auka nedbør, men sjølv i regnbyen Bergen må ein ta høgde for lengre tørkeperiodar. At eigar av vassverka er pålagt å levera tilstrekkelege mengder drikkevatt til ei kvar tid, inneberer også tilstrekkeleg kapasitet for reservevatn og system for leveranse av nødvatt. Bergen kommune har god kapasitet i sine drikkevasskjelder, i tillegg til både krisevassverk og avtale med nabokommunar om reservevatn. For transportsystemet på derimot behovet for å kunne transportere større vassmengder og venta stigning av havnivå som er hovudutfordringane. For begge desse forholda er separering av fellessystemet løysinga. Det vil også redusera overløpsdrift og dermed forureininga til sårbare vassførekomstar. Alle nye avløpssystem blir bygd som separatsystem der overvatn i størst mogleg grad handsamast lokalt.

Indikator delmål 6.1)

100 prosent

Delen innbyggjarar i Bergen kommune i 2020 som var tilknytt kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat for E.Coli, intestinale enerokokker, farge og PH. Denne delen har vore stabil dei siste åra.

Kjelde: [SSB, Fakta om bærekraftsmålene og SSB](#), tabell 11786

Indikator delmål 6.3)

I 2018 var ca. 95 prosent av Bergens innbyggjarane knytt til det offentlege avløpsnettet og 87 prosent av desse var tilknytt reinseanlegg med høggradig reinsing som tilfredsstillar krav i utslippstillatinga og forurensningsforskrifta.

Kjelde: [Hovedplan for vannforsyning](#)

Indikator delmål 6.4)

SSB har i sitt indikatorsett ikkje forslag til indikator for dette delmålet.

Tilstrekkelege og tilfredsstillande sanitærforhold (delmål 6.2)

95 prosent av innbyggerane i Bergen er knytt til kommunale avløpssystem. Dei siste fem prosentane har private avløpssystem som er avhengige av eigne løyve til utslepp og reins. Tilstrekkelege og tilfredsstillande sanitærforhold blir i denne konteksten i større grad ei utfordring for tilreisande og heimlause. Bergen har dei seinare år fått på plass eit etterspurt tilbud av offentlege toalett i sentrum, og kommunen samarbeider med offentlege og private aktørar for å auke tilbudet.

Indikator delmål 6.2)

SSB har i sitt indikatorsett ikkje forslag til indikator for dette delmålet.

Heilskapleg forvaltning av vassressursar (delmål 6.5, 6.6 og 6.b)

Bergen kommune har som mål å legge til rette for heilskapleg forvaltning av kretsløpet til vatn med naudsynt infrastruktur. I det ligg det både tryggleik for at vatn handsamast til gode for liv og helse til innbyggerane og at dei positive eigenskapane til vatn bli utnytta.

Vassforskrifta, som er ei fortolking av EU sitt vassdirektiv, er eit døme på korleis forvaltninga av vassressursane i Bergen heng saman med forvaltning på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Bergen kommune arbeider aktivt for å betre miljøet i vassdraga ved å følge opp vassforskrifta gjennom tiltaksprogram i regional plan for vassregion Hordaland.

Vassforvaltninga er teknisk og regelstyrt. Det operative arbeidet gir rom for kontakt mellom kommunen og brukarar. For dei som har interesser og innvendingar i utbygging, drift eller andre vassrelaterte problemstillingar er det gode moglegheiter for å påverke i det politiske systemet. Det er mogleg for innbyggerane i kommunen å kontakte parti og politikare direkte eller få halde innlegg i utval i bystyret. Det er også eit system for innbyggjarforslag som blir handsama politisk når visse krav er oppfylt. Dette gjeld på alle område, også for vassrelaterte problemstillingar. Planar i Bergen kommune blir også sendt ut på open høyring.

Indikator delmål 6.5, 6.6. og 6.b)

Indikatorane som SSB har brukt for delmål 6.5. er anten ikkje relevante eller så finst det ikkje tilgjengeleg data for kommunalt nivå. SSB har i sitt indikatorsett ikkje forslag til indikator for delmål 6.6. og 6.b).

7 REIN ENERGI TIL ALLE





MÅL 7 REIN ENERGI FOR ALLE

Sikra tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkomeleg pris.

Berekraftsmål 7 handlar om at alle menneske skal ha tilgang til energi. Energien skal vera påliteleg, berekraftig, moderne og ikkje altfor dyr. Arbeidet med dette målet utartar seg ulikt forskjellige stader i verda.

I Noreg er det satt i gang ein prosess for å gjera om all energi som skal bli brukt frå fossil energi til fornybar energi. Dette blir gjort fordi det er meir miljøvennleg og berekraftig å bruka energi på denne måten. I motsetning til Noreg har mange land i Afrika, Asia og Sør-Amerika nok med å i det heile tatt produsere straum til befolkninga si, uavhengig av om den er fossil eller fornybar.

For dette berekraftsmålet er det satt fem delmål:

7.1) Innan 2030 sikra allmenn tilgang til pålitelege og moderne energitjenester til ein overkomeleg pris.

7.2) Innan 2030 auke prosentdelen fornybar energi i det samla energiforbruket i verda vesentleg.

7.3) Innan 2030 få forbetringa av energieffektivitet på verdsbasis til å gå dobbelt så fort.

7.a) Innan 2030 styrka det internasjonale samarbeidet for å letta tilgangen til forskning og teknologi på området rein energi, inkludert fornybar energi, energieffektivisering og avansert og reinare teknologi for fossilt brensel, og fremma investeringar i energiinfrastruktur og teknologi for rein energi.

7.b) Innan 2030 bygga ut infrastruktur og oppgrada teknologi for å tilby moderne og berekraftige energitjenester til alle innbyggjarar i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa, små utviklingsøystatar og kystlause utviklingsland, i samsvar med dei respektive støtteprogramma i landa.

Nokre delmål er relevante for kommunane, medan andre er meir relevante for nasjonale og internasjonale aktørar. Dei mest relevante delmåla er markert i kursiv over.

Kopling til andre berekraftsmål og menneskerettane

Berekraftsmål 7 har sterkast kopling til berekraftsmål 13 om å stansa klimaendringar. Fornybar energi er eit tiltak for å handtera klimaendringar. Tilgang til rein energi er ikkje ein vedtatt menneskerett, men alle menneske har rett til ein levestandard som er tilstrekkeleg for seg sjølv og sin familie si helse og velvære (artikkel 25 i FN si «Verdsfråsegna for menneskerettar»). Koplinga mot menneskerettar blir i større grad knytt til den påverknaden utbygging av rein energi har for lokalsamfunn, arbeidsvilkår hos underleverandørar og utbyggjar si rolle og makt som innkjøpar.

Kopling til sentrale styringsverktøy

Det er to tema som er spesielt sentrale for kommunen når det gjeld rein energi for alle. Dette er 1) fossilfri by (delmål 7.1 og 7.2) og 2) energieffektivisering (delmål 7.3).

Fossilfri by (delmål 7.1 og 7.2)

Byrådet sitt mål er at Bergen skal vera fossilfri i 2030 og har mål om å redusera klimagassutslepp i Bergen med 50 prosent innan 2023, samanlikna med 1991-nivå.

Kommuneplanens samfunnsdel legg til grunn at Bergen skal vera ei aktiv drivkraft i utviklinga av landsdelen og regionen, og ein pådrivar for naudsynt omstilling av næringslivet med satsing på fornybar energi og klimatiltak.

«Grønn strategi» viser korleis Bergen kan nå det ambisiøse målet om å vera ein fossilfri by i 2030. Arbeidet med å rullere «Grønn strategi» blei starta i 2020 og er no i sluttfasen. «Handlingsplan for næringsutvikling 2019-2020» støttar opp under måla i «Grønn strategi». For næringslivet i Bergen betyr det grønne skiftet store utfordringar, men også store moglegheiter. Overgangen frå fossile brennstoff til fornybar energi vil bli ei av dei viktigaste endringane dei neste ti åra.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i følgande planar:

- «Grønn Strategi»
- «Handlingsplan for næringsutvikling»
- «Melding om eierskap i kommunens selskaper og foretak»
- «Digitaliseringsstrategi for Bergen kommune 2021-2025»

Energieffektivisering (delmål 7.3)

Bergen kommune er den største arbeidsgjevaren innanfor kommunegrensene, ein stor innkjøpar og ein betydeleg tenesteleverandør til innbyggjarane i byen. Byrådet vil derfor stille strenge utsleppskrav til varelevering, anleggsmaskiner på byggeområde, med krav om nullutslepp så snart teknologiutviklinga gjer det mogleg.

Bergen kommune skal sørge for at byutvikling, samt at bygging og vedlikehald av bygg og infrastruktur, skjer på ein miljøvennleg måte. Det inneberer meir effektiv energibruk, satsing på fornybar energi og gjennomføring av klimatiltak i eiga verksemd. Dette er ein føresetnad for den grønne byen, som er eit sentralt mål for kommuneplanens samfunnsdel.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i følgande planar:

- «Grønn strategi»
- «Handlingsplan for næringsutvikling»
- «Klima og miljøhandlingsplan for Bergen kommunes virksomhet»

Kva grep er gjort og korleis ligg Bergen an til å nå målet?

Fossilfri by (delmål 7.1 og 7.2)

Utfordringane knytt til å følge opp berekraftsmål 7 om rein energi er samansett. Noreg er i ei heldig stilling samanlikna med mange andre land i verda og har godt utbygd infrastruktur for fornybar energi, energi er tilgjengeleg og teknologiutviklinga er moden på mange område.

Økonomi og investeringsbehov skapar utfordringar for vidare satsing. Eit typisk eksempel på det er situasjonar der fornybar energi er i konkurransesituasjon med meir lønnsame fossile løysningar.

I Noreg er det eit betydeleg potensial for å vidareutvikla fornybarnæringa gjennom ein kombinasjon av meir fleksibel vasskraft, utbygging av vindkraft – særleg offshore vind – og auka utvekslingskapasitet til kontinentet. Nøkkelen til eit fossilfritt Bergen er, gjennom ein

aktiv næringsutvikling med fokus på innovasjon og entreprenørskap, å bidra til fossilfri transport, fossilfri hamn, fossilfri oppvarming og fossilfri handsaming av avfall. Bergen kommune har tilskot til grøn næringsutvikling. Næringsseksjonen fekk i 2020 ekstra midlar til grøn og berekraftig næringsutvikling og har dermed satt i gang fleire prosjekt innan området enn tidlegare.

Bergen kommune eig 37,75 prosent av aksjane i BKK AS, og har saman med 16 andre kommunar 50,1 prosent av aksjane. Konsernets hovudaktivitetar er produksjon, omsetning og transport av elektrisk kraft. Selskapet har som visjon å leie an i utviklinga av klimavennleg energi og framtidsretta infrastrukturløysingar. Dei har som mål å vera eit leiande og framtidsretta energi- og infrastrukturselskap, og som innanfor sitt område bør kunne ha ei betydeleg rolle i samfunnsutviklinga i tida framover. Energisektoren er no prega av store omskiftingar drivne av klimaendringar, miljøutfordringar, politikk, økonomi, teknologi og ulike sosiale forhold. Auka satsing på fornybar energi og ønske om mindre avhengigheit av fossile brensler, særleg kull, er ein tydeleg global trend. Kommunen meiner det her vil vera viktig for BKK å fokusera på eigne industrielle posisjonar, og dei moglegheitene som ligg i det grønne skiftet med fokus på auka berekraft og nullutslepp. Det bør ligge store moglegheiter knytt til selskapets vasskraftressursar når det gjeld industrien og næringslivet sine framtidige behov for grøn og fornybar energi. Vasskrafta er unik som energikjelde, og er så langt overlegen anna grøn energi som eksempelvis solkraft. I eit næringspolitisk perspektiv blir det derfor forventa at BKK på energisida tek ei aktiv rolle til industrien og næringslivet si framtidige utvikling i Vestlandsregionen.

CICERO og Transportøkonomisk har fått midlar til å analysere kva som må til for å nå kommunen sitt mål om å vera ein fossilfri by innan 2030 i rapporten «[Bergen kommune referansebaner og tiltaksscenarioer](#)»

Forbodet mot å fyre med fossil olje blei innført 1. januar 2020. Ein del av dei som fyrte med fossilolje har gått over til bioolje, men mange anlegg er erstatta med varmpumper og reintbrennande omnar. Utsleppa frå fossil oljefyring er for 2019 rekna til vel 8 000 tonn CO₂-ekvivalentar, mot 51 000 tonn i 2009. Med forbodet frå 1. januar bør dette talet no vera nede mot null, men det er det ikkje data for enda. Det blei gitt få dispensasjonar frå forbodet i 2020.

Gass har no tatt over plassen som den neste fossile oppvarmingsløysinga kommunen vil ta tak i. Kommunen har saman med Klimapartnere Vestland og bGreen starta eit prosjekt for å kartlegge bruken. I forprosjektet er omfanget av gassfyring i Bergen kommune undersøkt. Kommunen har etablert kontakt med aktørane som framleis nyttar gass, arbeida med informasjon om alternativ og støtteordningar slik at prosessane mot utfasing kan starta.

Indikator til delmål 7.1 og 7.2)

SSB har i sitt indikatorsett ikkje forslag til indikator for delmål 7.1. Det er ikkje tilgjengelege data på kommunalt nivå for indikatoren som SSB har brukt for delmål 7.2.

Energieffektivisering (delmål 7.3)

Det er eit mål å redusera energiforbruk i kommunale bygg og at det ikkje blir tillat med fossile oppvarmingskjelder i nye bygg. Byrådet ønsker ein årleg opptrapping av dei økonomiske midla til gjennomføring av tiltak i «Grønn strategi», med mål om å minimum doble nivået. Klima- og miljømåla skal ligge til grunn for alt kommunen gjer, og byrådet legg fram årlege

klimabudsjett og planar for klimatiltak. Bygga står i dag for over 50 prosent av samla energibruk. Planleggings- og byggefase skal ha eit mål om å skapa gode bymiljø med låge utslepp og energibruk gjennom heile livssyklusen. Materialbruk, plassering, utforming, tekniske anlegg og bevisste brukarar gir reduserte utslepp. Bygging i tre er klimavennleg, gir betre inneklimate og kan gi reduserte kostnader til vedlikehald. Bergen vil styrka satsinga på bygging av tre og stimulere lokal innovasjon knytt til denne forma for bygging. Oppvarming skal vera basert på fornybar energi. Både fjernvarme og fornybare energikjelder som sol, jord og sjøvarme må bli vurdert.

Etat for utbygging har hausten 2020 starta revisjon av klima- og miljøprogram for utbyggingsprosjekt. Her er det viktig med tidleg synleggjering av klimagassutslepp for alternative utforming av prosjekt, som skal bli brukt som underlag for avgjerder i samspel med bestillar, utbyggar og forvaltar. Dette kan til dømes vise konsekvensar ved å rive eller bygga nytt, og bruk av betong eller massivtre. I tillegg blir krav spesifiserte om BREEAM-metodikk, sirkulærøkonomi og klimatilpassing.

Etat for bustadforvalting fekk 27 millionar kroner i koronamidlar, som i all hovudsak har gått til miljørelaterte tiltak i bustadane. Skifte av vindauge og tak gir betre isolasjon, inneklimate og butilhøve for leietakarane og forhåpentleg lågare energikostnader. Dette er eit godt eksempel på energieffektivisering i bygga kommunen allereie har.

Etat for bygg og eigedom har hatt som mål å redusera energibruk i kommunale bygg med 15 prosent innan utgangen av 2020 og 25 prosent innan 2030, samanlikna med snittet for 2015, 2016 og 2017. Til 2020 var reduksjonen 10,9 prosent. Energibruken er påverka av mindre bruk av bygga under koronapandemien, og det var større energibruk i 4. kvartal enn i 3. kvartal i takt med at restriksjonane blei letta. Ein ser at målet om 15 prosent reduksjon til 2020 har vore svært ambisiøst.

Byrådsavdeling for eldre, helse og frivilligheit vil jobbe vidare med innovative løysingar som gir meir kompakte og brukarvenlege bad på nye sjukeheimar. Spart areal kan bli på 50 prosent samanlikna med noverande baderom. Dette vil gi både miljøgevinstar ved bygging (mindre areal), og ikkje minst ved bruk av bada i form av redusert oppvarmingsbehov. Bergen kommune er i dialog med Husbanken om bruk av slike bad opp mot kvalitetskrav som er nødvendige for å utløyse statlege investeringstilskot.

Indikator til delmål 7.3)

Det er ikkje tilgjengelege data på kommunalt nivå for indikatoren som SSB har brukt for delmål 7.3.

9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR





MÅL 9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR

Bygga solid infrastruktur og fremma inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon.



Investeringar i infrastruktur som transport, vatningssystem, energi og informasjonsteknologi er avgjerande for å skapa ei berekraftig utvikling. Infrastruktur er den underliggande strukturen som må vera på plass for at eit samfunn skal fungere.



Det er eit mål å finne måtar å auke ulike land sine potensial for utvikling og vekst, og sjå korleis dei kan utnytte sine ressursar og sin industri mest effektivt. Utdanning og helsetilbod må forbeholdt, samtidig som det bli satsa meir på teknologi og vitskap. Utan denne satsinga vil verda ikkje nå dette berekraftsmålet.



For dette berekraftsmålet er det satt åtte delmål:

9.1) Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, inkludert regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtta økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkomeleg pris og likeverdig tilgang for alle.



9.2) Fremma inkluderande og berekraftig industrialisering og næringsutvikling, og innan 2030 auke industridelen av sysselsetjing og bruttonasjonalprodukt vesentleg, i tråd med forholda i dei respektive landa, og doble industridelen av sysselsetjing og bruttonasjonalprodukt i dei minst utvikla landa.



9.3) Auke tilgangen til finansielle tenester, inkludert rimeleg kreditt, for små industribedrifter og andre bedrifter, særleg i utviklingsland, og styrka posisjonen til desse bedriftene og integrere dei i verdikjeder og markadar.



9.4) Innan 2030 oppgradera infrastruktur og omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar og meir utstrekt bruk av reine og miljøvenlege teknologiformer og industriprosessar, der alle land gjer ein innsats etter eiga evne og eigen kapasitet.



9.5) Styrka vitskapleg forskning og oppgradera teknologien i næringslivssektorane i alle land, særleg i utviklingsland, mellom anna ved – innan 2030 – å stimulere til innovasjon, auke talet på tilsette (per million innbyggjarar) vesentleg innanfor forskings- og utviklingsverksemd og vesentleg auke løyvingane til offentleg og privat forskning og utvikling.

9.a) Legge til rette for berekraftig utvikling av infrastrukturen i utviklingsland ved å auke den finansielle, teknologiske og faglege bistanden til afrikanske land, dei minst utvikla landa, kystlause utviklingsland og små utviklingsøystatar.

9.b) Støtta nasjonal utvikling av teknologi, forskning og innovasjon i utviklingsland, mellom anna ved å sikra politiske rammevilkår som fremjar mangfald i næringslivet og gir handelsvarer ein meirverdi.

9.c) Auke tilgangen til informasjons- og kommunikasjonsteknologi vesentleg og arbeide for at dei minst utvikla landa får allmenn og rimeleg tilgang til internett innan 2020.

Nokre delmål er relevante for kommunane, medan andre er meir relevante for nasjonale og internasjonale aktørar. Dei mest relevante delmåla er markert i kursiv over.

Kopling til andre berekraftsmål og menneskerettane

Dette målet har inga klar kopling til menneskerettane, med unntak av artikkel 25 i FN si «Verdsfråsegna om menneskerettane» som seier at alle menneske har rett til ein levestandard som er tilstrekkeleg for seg sjølv og sin familie si helse og velvære.

Eit dilemma i arbeidet med berekraftsmåla er korleis oppnå økonomisk vekst, samtidig som klimaendringar blir nedkjempa. Berekraftsmål 9 vil auke ulike land sitt potensial for vekst ved utbygging av infrastruktur og ved å fokusera på innovasjon, vitskap og teknologi. Det blir understøtta av berekraftsmål 8 som ønsker å fremma varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst og berekraftsmål 11 om berekraftige byer og samfunn. Berekraftsmål 13 vil på den andre sida nedkjempa klimaendringane og konsekvensane av dei. Klima- og miljøperspektivet er vidare dekkja inn under berekraftsmål 6 om reint vatn og gode sanitærforhold, berekraftsmål 7 om rein energi, berekraftsmål 11 om berekraftige byer og samfunn, berekraftsmål 14 om livet i havet og berekraftsmål 15 om livet på land. Ein suksessfaktor for å oppnå berekraftig utvikling ligg i å finna ein balanse mellom mål som fremmar økonomisk vekst og mål som kjempar imot klimaendringar.

Kopling til sentrale styringsverktøy

Det er tre tema som er spesielt sentrale for kommunen når det gjeld industri, innovasjon og infrastruktur. Dette er 1) infrastruktur (delmål 9.1), 2) grøen omstilling (delmål 9.2, 9.3 og 9.4) og 3) internett til alle (delmål 9.c).

Infrastruktur (delmål 9.1)

For byrådet er det openbart at meir samarbeid er avgjerande for å lykkast med å nå Bergen, Vestlandet, Noreg og verda sine mål. Byrådet vil derfor i perioden styrka samarbeidet med kommunane rundt Bergen og den vidare regionen, samt styrka det internasjonale nærværet og engasjementet. Eit sterkt Vestland er bra for utviklinga av Noreg og kan vera ei konstruktiv kraft i samarbeid med, og motmakt til, nasjonale styresmakter. Kommunen har ingen planar på dette feltet, samarbeidet er i stor grad kanalisert gjennom oppfølging i Bergensalliansen og andre eksterne samarbeidsforum.

Kommuneplanens samfunnsdel understrekar at Bergen skal vera ei drivkraft i regionen. På transportsektoren er det mange utfordringar som krev gode løysingar. Bergen har infrastrukturanlegg som tener både byen og regionen. Europavegane E16 og E39 har viktige roller for å sikra byregionens tilgjengelegheit og kontaktbehov. Hamn, flyplass og jernbaneterminal er nødvendige knutepunkt som må fungera for å sikra eit konkurransedyktig og framtidretta næringsliv, og sikra Bergen sin posisjon som hovudstad på Vestlandet. Bergen lufthamn, Flesland, er Noregs nest største lufthamn og hovudflyplass for Vestlandet, og eit viktig knutepunkt for turistar og næringsliv.

Tenesteområde samferdsel og infrastruktur omfattar også å bygga, forvalta, drifta og vedlikehalde kommunale vegar og veglys, samt samordne graveaktivitetar. Kommunen skal ha eit trafikkikkert vegnett som er framkomeleg for alle trafikantgrupper, samtidig som god samfunnsmessig ressursutnytting blir vektlagt. Det skal vera enkelt å gå og sykle i Bergen

heile året. Tilbodet for gåande og syklande skal bli brøyt, strødd eller kosta samtidig med køyreveg. Kommuneplanens samfunnsdel har mål for gåbyen Bergen. Trygge vegar i nærmiljøet er viktig for at barn skal kunne gå til skulen og fritidsaktivitetar. Gange, sykkel og kollektiv er prioritert i all transportplanlegging.

Infrastruktur handlar ikkje berre om vegar og gater, men også om telekommunikasjonsmidlar og breiband. Bergen kommunes digitaliseringsstrategi set krav til felles infrastruktur og økosystem.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i følgande planar:

- «Strategi for drift og vedlikehold av det kommunale vegnettet 2019-2028»
- «Handlingsplan for Miljøløftet 2018-2021»
- «Handlingsplan for næringsutvikling 2019-2020»
- «Digitaliseringsstrategi for Bergen kommune 2021-2025»

Grøn omstilling (delmål 9.2, 9.3 og 9.4)

Bergen har ei målsetting om å vera den grønaste byen i Noreg. Byrådsplattforma viser til at Bergen bystyre har erklært klimakrise. Klimatiltak er ikkje noko som skal bli gjennomført ein anna stad til ei anna tid. Byrådet vil følge opp klimakrisevedtaket med tiltak som viser at Bergen tek ansvar og gjer Bergen til Noregs mest klima- og miljøvennlege by i tråd med Paris-avtalen.

Dei globale klima- og miljøutfordringane forutsett ein reduksjon i klimagassutslepp og at vekst og utvikling må skje innan naturen sine tolegrensar. Kommuneplanens samfunnsdel har mål for den grønne byen. Bergen kommune skal redusera klimagassutslepp med 50 prosent innan 2030 og arbeide for eit nullutsleppssamfunn. For å nå målet krevst ein samla innsats frå det offentlege, næringsliv og innbyggjarane. Reise- og forbruksvanar må bli endra for å redusera utslepp frå produksjon og forbruk. Bergen kommune ønsker å bygga opp under dette, samtidig som kommunen er klar til å gjera prioriteringar som legger til rette for eit meir berekraftig byliv. Bergen skal utvikla eit klimasmart samfunn som gir reduserte transportbehov og auka satsing på grøn mobilitet. Det skal vera lett å leve miljøvennleg i Bergen.

«Handlingsplan for næringsutvikling 2019-2020» legg til grunn at innovasjon og vidare omstilling er premiss for å nå FN sine berekraftsmål. Berekraftsmåla gir derfor viktige føringar for Bergen kommune sitt arbeid med næringsutvikling. Bergen kommune vil gjennom ein aktiv og tydeleg næringspolitikk bidra til at FN sine berekraftsmål blir nådd ved å forsterka Bergen sine komparative fortrinn og skapa framtidsretta arbeidsplassar som er sosialt, økonomisk og miljømessig berekraftige. Med mangfaldet, kompetansen og innovasjonsevna i det etablerte næringslivet, kan Bergen ta ei leiande rolle og skapa verdiar og vekst i det grønne skiftet, spesielt innafor havnæringane der Bergen har unike fortrinn både nasjonalt og internasjonalt. I tillegg til at næringslivet skapar verdiar og økonomiske resultat innan rammene av lovar og reglar, handlar berekraftomgrepet om at også sosiale og miljømessige omsyn blir integrert i dagleg drift. Bergen kommune vil derfor bidra til eit ansvarleg næringsliv som følger internasjonale retningslinjer, respektera menneskerettane og tek omsyn til lokalsamfunn og miljø uavhengig av kvar dei opererer.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i «Grønn strategi».

Internett til alle (delmål 9.c)

Ein god og rettferdig by blir kjenneteikna av korleis dei mest sårbare blir behandla. Byrådet ønsker å føra ein politikk som er offensiv og raus i møte med dei som har det vanskeleg i Bergen. Sosial rettferd står sentralt i byrådsplattforma.

Kommuneplanens samfunnsdel understrekar at moglegheitene for eit godt liv skal vera uavhengig av sosiale lag, bustad og kulturell bakgrunn. Levekårsundersøkingane i Bergen avdekkjer ulikskap i levkår mellom bydelane. Tilrettelegging av gode oppvekstvilkår er avgjerande i denne samanheng.

«Handlingsplan for fattigdom» diskuterer dei sosiale tersklane i samfunnet. Internett er ein slik sosial terskel, der dei som ikkje har tilgang eller råd til internett i mange samanhengar er utanfor i eit samfunn som blir digitalisert i aukande grad. «Handlingsplan for fattigdom» har eit særskilt fokus på barn, og i denne samanhengen er også tilgang til internett eit spørsmål om å få tilgang til ressursar for å gjera leksene sine. Problemstillinga har vorte meir aktuell under pandemien med heimeskule og heimekontor, der tilgang til internett av god nok kvalitet har vore avgjerande.

Kva grep er gjort og korleis ligg Bergen an til å nå målet?

Infrastruktur (delmål 9.1)

Utfordringar knytt til dei store infrastrukturprosjekta som bitt regionen saman er i all hovudsak finansiering og føreseieleg utvikling. Økonomi og ressursar er også ei utfordring for vedlikehald av dei kommunale vegane. Ei sentral utfordring i drift- og vedlikehaldsarbeidet er påverknaden veret har på ressursbruk. Det kan vera store variasjonar frå år til år, der ein hard vinter fører til vesentleg høgare utgifter enn milde vintrar. I tillegg til ei auke i utgifter i vinterperioden med brøyting, salting og kosting, har veret også påverknad på sommarutgiftene. Veret, og spesielt vatn, påfører veganlegga skade og behov for meir intensiv drift og vedlikehaldstiltak også om sommaren. Bymiljøetaten sitt driftsbudsjett blir i hovudsak nytta til tiltak som kan bli definert som rein drift. Det er dermed ein svært liten del som kan bli satt av til vedlikehald. I tillegg er det auka fokus og satsing på miljøtiltak både nasjonalt og lokalt. Saman med vedlikehaldsetterlepet fører desse forventningane og føringane til behov for ei betydeleg satsing på drift- og vedlikehaldsarbeidet.

Miljøløftet er samleomgrepet på byvekstavtalen i Bergen og den nye bompengepakka. Dei neste 20 åra skal det bli bygd bybane, tryggare og betre vegar, sykkelveggar, fortau og miljøgater. Saman skal partane kutte bilkø og klimagassutslepp og sørga for at alle kjem lett og trygt fram i byen. Det har blitt utarbeidd ein ny, utvida byvekstavtale 2019-2029 for Bergensområdet, som inkluderer nabokommunane Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Med dette blir det lagt til rette for ein meir samordna areal- og transportpolitikk for heile det funksjonelle byområdet. Ny byvekstavtale vil derfor vera ein heilt konkret og direkte oppfølging av målsettingane formulert i kommuneplanens samfunnsdel. Bystyret vedtok i juni 2020 det første handlingsprogrammet for Miljøløftet 2021-2024, som er basert på den nye byvekstavtalen.

Bergen kommune er både vertsskap og leiar for Digi Vestland. Digi Vestland er eit samarbeid mellom alle dei 43 kommunane i Vestland. Samarbeidet skal bidra til betre og meir likeverdige tenester til innbyggjarane. Eit overordna mål for Digi Vestland er å sikra effektivt mottak av nasjonale prosjekt og tiltak. Samarbeidet er leia av ei styringsgruppe, som består av kommunedirektørar frå deltakarkommunane. Styringsgruppa har eit sekretariat som

koordinerer dei ulike prosjekta, mens faggruppene representerer eit breitt fagleg samarbeid på tvers av kommunane

Indikator til delmål 9.1)

Det er ikkje tilgjengelege data på kommunalt nivå for indikatoren som SSB har brukt for delmål 9.1.

Grøn omstilling (delmål 9.2, 9.3 og 9.4)

For næringslivet i Bergen betyr det grønne skiftet store utfordringar, men også store moglegheiter. Overgangen frå fossile brennstoff til fornybar energi vil bli eit av dei viktigaste endringane dei neste ti åra. For å lykkast med omstilling av næringslivet i det grønne og teknologiske skiftet og samtidig bidra til innovasjon i Bergen kommune, vil det vera naudsynt å auke dei økonomiske rammene i åra framover. Dette blir understøtta av «Grønn strategi» der bystyret har løyva meir midlar til gjennomføring.

Eit døme på ei innovativ tilnærming til grøn omstilling er ønsket om ei blå bybane. Kommunen ønska å utvikle eit bybåttilbod i det indre hamnebasenget i Bergen, og byrådet vedtok i april 2020 å etablera eit forprosjekt for ei pilotbåtrute. Båten skal vera eit verkemiddel for å skapa ein grøn storby. Ein bybåt vil krevja innovasjon i maritim sektor og bidra til verdsløiande teknologi, som kan bli eksportert til utanlandske marknader og potensielt gi auka sysselsetting og verdiskaping både i Bergensområdet og elles på Vestlandet. Utviklinga av eit slikt båttilbod vil vera eit ledd i implementeringa av ulike nullutsleppsløysingar for persontransport det neste tiåret. Det vil også fungera som eit supplementstilbod i kollektivtrafikknettet for å bidra til å utvikla Bergen til ein meir aktiv og attraktiv by, med høgt mangfald i mobilitetstilboda. Maritime Bergen og Maritime Cleantech fekk støtte frå kommunen til å utvikla ein driftsmodell for "blå bybane" i Bergen kommune.

Pandemien har hatt ei positiv innverknad på klimautslepp, luftkvalitet og vedlikehald av kommunal infrastruktur som følge av mindre reiseverksemd og mobilitet. Fleire avdelingar og etatar i Bergen kommune legg til rette for fleksible arbeidsplassløysingar og videotenester også utover anbefaling om heimekontor. Som samfunn er det enda uklart om klimaeffekten under pandemien held seg over tid med gjenopning og endra reisemønster.

Indikator til delmål 9.2, 9.3 og 9.4)

Det er ikkje tilgjengelege data på kommunalt nivå for indikatorane som SSB har brukt for delmål 9.2 og 9.4. Indikatoren som SSB har brukt for delmål 9.3. er ikkje relevant for kommunen.

Internett til alle (delmål 9c)

Det å sikra internett til alle er ei økonomisk utfordring som kan bli løyst gjennom nasjonale støtteordningar, samarbeid med utbyggjarar eller gjennom sosiale stønader. I ei verd som blir stadig meir digitalisert og som stadig er i endring blir det stadig viktigare med god nok tilgang til internett.

I «Handlingsplan mot fattigdom» blei det foreslått å utgreie moglegheita for gratis internett til barn i fattige familiar. Dette er no innført. I 2018 blei det satt av 11 millionar kroner til tiltaket. Dei fleste elevane i Bergen kommune hadde tilgang til internett frå starten av pandemien. Nokon skular meldte at mange av elevane som i ein tidsavgrensa periode hadde utfordringar


med tilgang, fekk tilgang kort tid etter oppstart av heimeskule. Som svar på denne utfordringa kartla kommunen kor mange elevar som ikkje hadde tilgang til internett, og finansierte individuelle løysingar for denne gruppa.

Indikator til delmål 9.c)

Bergen kommune har ikkje statistikk for kor stor del av kommunen sine innbyggjarar som har tilgang til internett. Det finst nasjonal statistikk, og det er ingen grunn til at dekninga i storbyen Bergen ikkje er minst like god som det nasjonale snittet. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at 98 prosent av befolkninga i aldersgruppa 9–79 år i Noreg i 2020 hadde tilgang til internett heime.

Kjelde: [SSB tabell 05244](#)

10 MINDRE ULIKSKAP





MÅL 10 MINDRE ULIKSKAP

Redusera ulikskap i og mellom land.

Økonomisk vekst har bidratt til at fleire land har blitt rikare, men har ikkje automatisk ført til mindre fattigdom. Inntektsforskjellen i verda aukar til tross for at 40 prosent av verdas fattige tener betre i dag enn tidlegare.

For å redusera ulikheita i og mellom land må det vera ei rettferdig fordeling av eit lands ressursar. Dei fattigaste og dei marginaliserte gruppene må bli gitt moglegheiter og tenester slik at dei kan skapa seg betre levekår. Viktige tiltak er lik tilgang til skule, helsehjelp og gode skattesystem.

For dette berekraftsmålet er det satt ti delmål:

10.1) *Innan 2030 oppnå ein gradvis og varig inntektsauke for dei fattigaste 40 prosentane av befolkninga som er raskare enn auken for det nasjonale gjennomsnittet alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, rase, etnisitet, nasjonalt opphav, religion eller økonomisk eller annan status.*

10.2) *Innan 2030 sikra myndiggjering og fremma sosial, økonomisk og politisk inkludering av alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, rase, etnisitet, nasjonalt opphav, religion eller økonomisk eller annan status.*

10.3) *Sikra like moglegheiter og redusera skilnader i levekår, mellom anna ved å avskaffa diskriminerande lover, politikk og praksis og ved å fremma lovgjeving, politikk og tiltak som er eigna til å nå dette målet.*

10.4) *Vedta politikk, særleg når det gjeld skattar og avgifter, løn og sosialomsorg, med sikte på å oppnå ei gradvis utjamning av skilnader.*

10.5) *Betre reguleringa av og tilsynet med globale finansmarknadar og finansinstitusjonar, og styrka gjennomføringa av regelverket.*

10.6) *Sikra at utviklingslanda blir betre representerte og får større grad av medråderett i avgjerdsprosessane i globale finansinstitusjonar, slik at institusjonane fungerer betre og blir meir pålitelege, ansvarlege og legitime.*

10.7) *Legge til rette for migrasjon og mobilitet i ordna, trygge, regelbundne og ansvarlege former, mellom anna ved å føra ein planmessig og godt forvalta migrasjonspolitik.*

10.a) *Gjennomføra prinsippet om særbehandling og differensiert behandling av utviklingsland, særleg dei minst utvikla landa, i samsvar med avtalar som er inngått med Verdshandelsorganisasjonen.*

10.b) *Stimulere til offentleg utviklingsbistand og kapitalflyt, mellom anna direkte utanlandske investeringar, til statane der behovet er størst, særleg dei minst utvikla landa, afrikanske land, små utviklingsøystatar og kystlause utviklingsland, i samsvar med planane og programma til landa sjølve.*

10.c) *Innan 2030 redusera transaksjonsgebyra til under 3 prosent ved pengeoverføringar frå migrantar til heimlandet og avskaffa*

overføringsordningar med gebyr som overstig 5 prosent.

Nokre delmål er relevante for kommunane, medan andre er meir relevante for nasjonale og internasjonale aktørar. Dei mest relevante delmåla er markert i kursiv over.

Kopling til andre berekraftsmål og menneskerettane

Delmål 10.1 om inntektsauke for den fattigaste delen av befolkninga har ei klar kopling til berekraftsmål 1 om å utrydda alle former for fattigdom. «FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar» slår i artikkel 11 fast at alle har rett til ein tilfredsstillande levestandard for seg sjølv og familien. Artikkelen peikar også på at dette inneberer tilfredsstillande mat, kler og bustad, samt fortløpande å få levemåte sin forbetra. Tett knytt til dette er også rett til helsehjelp og utdanning.

Like moglegheiter og utjamning av forskjellar som omtalt under delmål 10.3 og 10.4 heng saman med likestilling mellom kjønna (mål 5). Det er forankra i «Verdsfråsegna om menneskerettane» at alle menneske er født frie og med same menneskeverd og menneskerettar. Alle har krav på alle rettar som er nemnt i fråsegna utan forskjell av nokon art, til dømes på grunn av rase, farge, kjønn, språk, religion, politisk eller anna oppfatning, nasjonal eller sosialt opphav, eigeidom, fødsel eller andre forhold.

Kopling til sentrale styringsverktøy

Det er tre tema som er spesielt sentrale for kommunen når det gjeld mindre ulikskap. Dette er 1) fattigdom (delmål 10.1), 2) like moglegheiter (delmål 10.2, 10.3 og 10.4) og 3) kommunen som mottakar av migrantar (delmål 10.7).

Fattigdom³ (delmål 10.1)

Byrådsplattforma ser fattigdom som eit samfunnsproblem, i tillegg til dei openberre personlege konsekvensane fattigdom har. Den beste måten å løfta nokon permanent ut av fattigdom er å sikra alle ei god utdanning og eit godt helsevesen, samt ei trygg tilknytning til arbeidslivet. Byrådet ønsker at flest mogleg skal komme ut av fattigdom ved hjelp av arbeid.

Kommuneplanens samfunnsdel anerkjenner at samfunnet er prega av sosiale helseforskjellar som mellom anna blir påverka av inntekt. Det er eit mål om å utjamne sosiale og geografiske forskjellar som gjer skilnad for levekår og helse. Alle skal disponere ein god bustad i eit godt bustadmiljø. Sårbare grupper med særskilde behov skal få dekkja sine behov for bustad

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i følgjande planar:

- «Handlingsplan for fattigdom»
- «Boligmelding og plan for områdesatsing»

Like moglegheiter (delmål 10.2, 10.3 og 10.4)

Byrådsplattforma viser at byrådet sitt mål er at Bergen skal vera eit likestilt samfunn der

³ Noreg har høg bruttonasjonalinntekt (BNI) og vil ikkje komme inn under kategorien låginntektsland eller mellominntektsland i Verdsbanken si kategorisering. I Noreg er det hensiktsmessig å sjå på det FN omtalar som relativ fattigdom; at man er fattig sett i forhold til størstedelen av befolkninga i eit land. I Noreg blir ofte EU sin definisjon for fattigdomsgrense nytta; der innbyggjarane har levd i meir enn 3 år med ein inntekt som er under 60 prosent av medianinntekta. Etter denne definisjonen viser SSB sin statistikk at 8,8 prosent av befolkninga i Noreg levde under fattigdomsgrensa og 11,7 prosent i Bergen i 2018. Dette inneberer at om lag 15 120 hushald i Bergen er på eller under EU sin definisjon av fattigdomsgrense. FN sitt mål er å halvere relativ fattigdom innan 2030.

menneske ikkje blir diskriminert eller trakassert på bakgrunn av kjønn, etnisitet, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, utviklingshemming eller seksuell orientering. Sosiale og strukturelle hindringar avgrensar menneska sitt grunnlag for full deltaking, medverking og livskvalitet. Bergen vil vera ein kommune der alle kan vera seg sjølv og samtidig få likeverdige tenester og moglegheiter, og byrådet vil kjempa for reell likestilling. Kommunen har ei stor verktøykasse på dette feltet, frå tenestilbodet til skattar og avgifter.

Byrådsplattforma legg også vekt på at alle skal ha fridom og tryggleik til å vera den dei er og innleie forhold med den dei elsker, utan fare for å bli diskriminert eller trakassert. All diskriminering av menneske som bryt med norma for kjønn og seksualitet er uakseptabel. Ingen skal oppleve diskriminering på grunn av si seksuelle orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet.

Kommuneplanens samfunnsdel har mål for den attraktive byen. Den attraktive byen skal ha gode skule-, barnehage-, idretts- og fritidstilbod i alle bydelar, slik at alle innbyggjarar får like moglegheiter. Det skal vera trygt å ferdast i byen til alle døgnets tider. Byen skal vera tolerant og inkluderande og open for ulike kulturar, religiøse uttrykk og identitetar, ulike livsstilar og menneske med ulik alder og funksjonsnivå. I den attraktive byen skal innbyggjarane vera delaktige og påverka utviklinga av byen. Vidare skal den trygge byen sikra at moglegheitene for eit godt liv er uavhengig sosiale lag, bustad og kulturell bakgrunn. Alle skal ha tilgang til trygge oppvekstmiljø og kunne ferdast trygt.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i følgande planar:

- «Regnbuebyen Bergen- plan for kjønns og seksualitetsmangfold 2017-2021»
- «HR-melding frem til 2030»
- «Etisk standard for Bergen kommune»
- «Handlingsplan mot opne russcener»
- «Plan mot menneskehandel»
- «Plan for arbeid og aktivitet»
- «Plan mot vold i nære relasjonar»
- «Samarbeid, mestring og verdighet (Plan for rusfeltet)»
- «Bergens barn- byens framtid»
- «Arbeidsinkludering. Opptapping av sentraliserte arbeidsmarkedstiltak i Bergen kommune. Byrådssak 1090/21»
- «Bergen – en aktiv fairtradeby. Strategi for etisk og rettferdig handel 2019-2022»
- «Fairtradebyen Bergen. Handlingsplan for etiske og rettferdig handel 2021-2022»

Kommunen som mottakar av migrantar (delmål 10.7)

Byrådet meiner Bergen minst skal busette det talet flyktingar nasjonale styresmakter ber kommunen om og meiner både Bergen og Noreg har kapasitet til å ta imot langt fleire flyktingar enn i dag. Som følge av krigen i Ukraina er det venta ei auke i flyktingar i 2022

Byrådsplattforma understrekar ein aktiv haldning overfor statlege styresmakter for at Noreg skal få ein rausare og meir human flyktingpolitikk. For å lykkast enda betre med inkludering lokalt vil byrådet mellom anna gjera introduksjonsprogrammet betre og meir fleksibelt. Byrådet vil oppretta fleire praksisplassar og arbeidskvalifiserande tiltak og at introduksjonscenteret for nye flyktingar skal gi enda meir informasjon om norsk kultur og lovverk. Det skal vera eit særskilt fokus på å sikra kvinner med minoritetsbakgrunn tilknytning

til arbeidslivet, og inkludera opplæring i arbeidslivsrettar i introduksjonsprogramma for flyktingar.

Byrådet vil ta eit særleg ansvar for dei mest sårbare flyktingane: LHBTI-flyktingar, religiøse konvertittar, flyktingar med nedsett funksjonsevne eller utviklingshemming og andre særleg sårbare grupper.

Byrådet vil vidareføra støtta til Helsesenter for papirlause migrantar, og samtidig sikra papirlause migrantar enklare tilgang til kommunen si legevaktteneste. Bergen vil arbeide aktivt opp mot sentrale styresmakter for å sikra at denne gruppa får menneskerettane sine oppfylt, mellom anna for å gi papirlause migrantar rett til førebyggjande og kurative helsetenester i primær- og spesialisthelsetenesta, inkludert rett til å stå på liste til fastlege.

I kommuneplanens samfunnsdel er den mangfaldige byen tett knytt til oppfølging av berekraftsmål 10. Bergen skal vera ein interkulturell by som nyttar mangfaldet positivt. Bergen har blitt ein samansett by. Dette inneberer at kommunen må utvikla ein politikk og praksis som nyttar dette positivt innan næringsliv, kulturliv og generell kunnskapsutvikling.

Kommunen sine ambisjonar for dette feltet er gitt i «Verden i Bergen. Plan for inkludering og mangfold 2018-2022».

Kva grep er gjort og korleis ligg Bergen an til å nå målet?

Fattigdom (delmål 10.1)

Ei hovudutfordring i arbeidet med å motverka fattigdom er å sikra at brukarar som er i ein midlertidig situasjon med trygd eller sosialhjelp, får moglegheit til tilknytning eller kvalifisering til arbeidsmarknaden. Brukarar som har eit meir langvarig behov for stønad må få best mogleg tilbod via dei offentlege velferdsordningane og bli følgt tett opp slik at dei kan få moglegheit til å endre situasjonen sin på sikt. Det er viktig at dei ulike velferdsordningane blir nytta fullt ut for å sikra denne gruppa si moglegheit til deltaking i samfunnet.

Kvalifiseringsprogrammet er ei teneste for sosialhjelpsmottakarar med nedsett arbeidsevne som har behov for tett, individuelt tilrettelagt og koordinert oppfølging med sikte på arbeid – også i tilfelle der vegen fram til arbeidslivet kan vera relativ lang og usikker. Programmet er på fulltid og gir rom for aktivitetar som støttar opp under og førebur den enkelte deltakar på overgangen til arbeidslivet. Programmet strekker seg over maksimalt 2,5 år og deltakarane får kvalifiseringsstønad.

Med mål om auka utjamning har bystyret bedt om ei evaluering av kostnader og andre konsekvensar ved ei auking av satsane for sosialhjelp. I samsvar med budsjettavtalen for 2020 er satsane for økonomisk sosialhjelp frå 01.03.20 og vidare frå 01.03.21 auka for å nærme seg nivået i SIFOs referansebudsjett. I 2020 blei det vedtatt å auke sosialhjelpsbudsjettet med 40 millionar kroner.

Indikator til delmål 10.1)

SSB har i sitt indikatorsett ikkje forslag til indikator for dette delmålet.

Like moglegheiter (delmål 10.2, 10.3 og 10.4)

I Bergen har alle like rettar. Men av ulike grunnar har ikkje alle like moglegheiter til å utøve sine rettar. Det kan være ulike barrierar som økonomi, geografi eller det å tilhøyra ei sårbar gruppe. Kommunen vil legge til rette for å fjerna avgrensingar på den enkelte sine moglegheiter til deltaking i samfunnet.

Søskenmoderasjon i barnehage og SFO senkar utgiftene for mange familiar i Bergen og gir slik fleire barn moglegheit til å delta i barnehage og SFO. Familiar med meir enn eitt barn i barnehage får søskenmoderasjon. Foreldrebetalinga for barn nummer to er 30 prosent lågare og for barn nummer tre er reduksjonen 50 prosent. Familiar med meir enn to barn i SFO får 25 prosent moderasjon frå og med barn nummer tre. I tillegg kan foreldre med låg hushaldsinntekt søka om redusert foreldrebetaling i barnehage og SFO. Bergen kommune gir også betalingsfritak for 20 timar kvar veke (av ein heil plass på 45 timar per veke) frå august det året barnet fyller 2 år og til 3-, 4-, og 5-åringar i familiar med låg hushaldsinntekt.

Frå 01.01.2022 får 1. trinnselevar på 20 skular i Bergen kommune gratis halvdagsplass på SFO. Frå 01.08.2022 vil dette gjelde alle skulane i Bergen kommune.

Idrettslag i Bergen kommune får tilgang til gratis bruk av kommunale idrettsanlegg for å halde medlemskontingentar nede og for å kunne tilby ei breidde av aktivitetar i alle bydelar. Dette er eit ledd i arbeidet med å jamne ut sosiale forskjellar i kommunen, og bidreg til at fleire kan delta i aktivitetar og oppleve meistring. Kommunen driftar anlegga på dagtid og fleire idrettslag har ei vertskapsrolle i anlegga på ettermiddag, kveld og i helgene. I tillegg har kommunen ei tilskotsordning (Støtte til private anlegg) der idrettslag som eig eller leiger private anlegg kan søka støtte til drift- og leigekostnader.

Aktivitetskortet gir barn og unge i målgruppa gratis tilgang til ei rekke aktivitetar og opplevingar i Bergen, saman med ein ven eller eit familiemedlem. Aktivitetskortet er for barn og unge i alderen 0–17 år frå familiar som mottok sosialstønad frå NAV, er tilknytt Introduksjonssenteret for flyktningar, Barnevernstenesta for einslege mindreårige flyktningar eller Krisesenteret for Bergen og Omegn. Dei ulike instansane sender eller deler ut aktivitetskortet til barn og unge i denne målgruppa. Det er ikkje mogleg å søka om kortet, det er tilhøyrande NAV-kontor eller ein av dei andre instansane som deler ut kortet.

Områdesatsinga er eit av fleire verkøy bystyret i Bergen har valt å nytte seg av for å bidra til å utjamna sosial ulikskap. Områdesatsing, slik byrådet og bystyret i Bergen har vedtatt, inneber ein heilskapleg og samanhengande innsats i eit definert geografisk område, der kommunen i tett samarbeid med innbyggjarane, næringsliv, lag og organisasjonar vil arbeide for å styrka området sin fysiske standard og styrka bebuarane og brukarene sin innverknad på kvardagslivet. Sentrale aktørar i arbeidet er bebuarane sjølve, kommunen, regionale og statlege organ, fylkeskommune og private aktørar.

Diskriminering, forskjellsbehandling og rasisme knytt til ulike minoritetar hender også i Bergen og hindrar at alle har like moglegheiter til å få sine rettar oppfylt. Det blei i 2021, på oppdrag frå kommunen, gjennomført ei [undersøking av strukturell rasisme i Bergen](#) som avdekte utbreidd diskriminering blant anna innanfor arbeidslivet og innanfor bustadmarknaden. Som følge av funna i rapporten har kommunen tatt initiativ til ei juridisk rådgivingsteneste i regi frivillige organisasjonar – DiMe. Det skal også bli lagt fram ein handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimar. Bakgrunnen er at fleire ulike undersøkingar viser at mange har negative haldningar mot den muslimske minoriteten i Noreg.

Det er naudsynt med særskilte tiltak overfor nokon grupper arbeidssøkarar for å styrka deira moglegheit for jobb. For mange grupper er arbeidspraksis den fyrste billetten til arbeidslivet. Det er vedtatt ein opptrapping av arbeidet med språk- og arbeidspraksis i byråds sak 1090/21. Bergen kommune har samla dette i arbeidet i avdelinga Arbeidsinkludering. I 2020

var det 261 personar som vart utplassert i språk- eller arbeidspraksis i Bergen kommune gjennom dette arbeidet. Talet for 2021 var 523 personar.

Rekrutteringsprosessen er eit sentralt område for å hindra diskriminering og auke mangfaldet blant dei tilsette i kommunen. Dette inneber at kommunen må vera merksam på både kvalifikasjonskrav og på gjennomføring av prosessen. Det er eit krav om at søkarar med innvandrarbakgrunn og/eller nedsett funksjonsevne skal bli særskilt vurdert om dei er kvalifisert til stillingar i kommunen. Det er mogleg å krysse av i rekrutteringsverktøyet dersom søkararar ønsker særskilt vurdering og minst éin kvalifisert kandidat frå kvar av desse gruppene skal bli kalla inn til intervju i prosessen. Dette er nedfelt i kommunen sitt personalreglement.

Som eit ytterlegare tiltak for å styrka mangfaldet blant medarbeidarane i kommunen og hindra diskriminering i rekrutteringsprosessen har kommunen på slutten av 2020 starta opp førebuinga til eit prosjekt med anonymiserte jobbsøknader. Dette pilotprosjektet omfattar einingar frå seks byrådsavdelingar og varte til august 2021.

Eit godt, trygt og inkluderande arbeidsmiljø er vesentleg for arbeidet med likestilling og mangfald. Utfordringar knytt til konflikt og trakassering, samt vald og truslar mot tilsette i kommunen har vore eit viktig tema det siste året.

Bergen kommune arbeider for mindre ulikskap gjennom anskaffingar på fleire måtar. Det blir stilt krav om at alle som utfører arbeid i Norge i teneste- og bygg- og anleggskontraktane, skal ha lønns- og arbeidsvilkår som minst er i tråd med allmenngjeringsforskriftene eller i tråd med gjeldande landsomfattande tariffavtale. Vidare blir det i kontraktane stilt krav til inkludering i arbeidslivet; der personar utanfor det ordinære arbeidslivet får ein moglegheit til å få ein fot innanfor. Det blir også sett krav til at leverandørar skal ha ein ansvarleg forretningspraksis og at klima- og miljøomsyn skal bli ivaretatt. Samla sett er noko av hensikta med desse krava å bidra til mindre ulikheit nasjonalt og internasjonalt.

Indikator til delmål 10.2, 10.3 og 10.4)

SSB har i sitt indikatorsett ikkje forslag til indikator for delmål 10.2 og 10.3. Det er ikkje tilgjengelege data på kommunalt nivå for indikatorane som SSB har brukt for delmål 10.4

Kommunen som mottakar av migrantar (delmål 10.7)

Under behandlinga av internasjonal handlingsplan (sak 211/21) blei det vedtatt å melde kommunen inn i Solidarity Cities. Byar som melder seg inn i initiativet forpliktar seg til å vise politisk leiarskap på mottak av flyktningar, og saman skal byane finne felles løysingar på den flyktningkrisa Europa står ovanfor. Det er eit initiativ som har oppstått innanfor rammene av Eurocities-samarbeidet. Arbeidet har tette band til EU-institusjonane, og bidreg til å gi byane ei stemme på eit viktig politikkfelt.

Bergen kommune har bygd opp ei stor teneste som tek imot og inkluderer flyktningar. Dei siste åra har likevel talet på busette flyktningar i Bergen gått ned. Dette har samanheng med at det har komme færre flyktningar til Noreg. Det vil endre seg i 2022 som følge av krigen i Ukraina.

Indikator til delmål 10.7)

Tabellen under viser tal busette flyktningar, familiegjenforeinte og summen av desse to gruppene. Den viser også kor mange flyktningar kommunen blei oppmoda å ta i mot frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---------------------|------------|------------|------------|------------|
| Busette flyktningar | 516 | 193 | 203 | 119 |
| Familiegjenforeinte | 170 | 81 | 53 | 30 |
| Totalt | 686 | 274 | 256 | 149 |
| Oppmoding | 620 | 240* | 205 | 127* |

*Revidert oppmoding – opphøveleg 15.

Kjelde: [bystyresak 77/21 «Bosetting av flyktningar 2021»](#)